

# INVESTERINGSPROSJEKT

Giske kommune

Møre og Romsdal Revisjon SA

Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 01 | 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund kommunar, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Møre og Romsdal Revisjon SA vart etablert 1.1.2020, og har sitt hovudkontor i Astrups gate 9 i Kristiansund.

Selskapet har gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar:

## **2020**

1: Investeringsprosjekt i Giske kommune

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet i Giske kommune. Ein prosjektplan vart vedteke av kontrollutvalet i sak 14/19 den 14. mai 2019.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve, og kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at slike revisjonar blir utført, jmf. kommunelova 23-2 punkt c. Kommunelova § 23-3 1. ledd angir at forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sitt vedtak.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Undersøkinga er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon.

Eit oppstartsmøte med rådmannen vart gjennomført 14. juni 2019.

Rapporten er sendt på høyring til rådmannen i tråd med praksis 31 januar 2020.

Vi tok imot rådmannen sine kommentarar 10. februar 2020, og dei ligg som vedlegg til rapporten. Av høyringssvaret går det fram innleiingsvis at:

*Forvaltningsrevisjonen kjem her med gode innspel til betring av prosesskartet for investeringsprosjekt og med konkrete forslag til prosedyremalar.*

*Forsлага er nyttige og vil kunne hjelpe oss i det vidare arbeidet.*

*Den raude tråden i LEAN prosessen er no ferdig og vi jobbar framover våren med rutinene/prosedyrer – ambisjonen er å bli ferdig til påske.*

Vidare i høyringssvaret vart det gitt kommentarar: *på enkelte av tilrådingane i rapporten.* I all hovudsak sluttar rådmannen seg til våre anbefalingar. Vi viser her til vedlegget.

Ålesund, 11.02.2020

Svein Ove Otterlei  
oppdragsansvarleg revisor

## SAMANDRAG

Under ei drøfting av val av tema for forvaltningsrevisjon i mars 2019 bad kontrollutvalet om ei prosjektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett. Ein prosjektplan vart vedteken av kontrollutvalet i sak 14/19 den 14. mai 2019.

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av investeringsprosjekt i Giske kommune.

## PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet har blitt avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn, avløp og veg for perioden 2015 til 2018, og har hatt følgjande problemstillingar:

### Problemstilling 1: Investeringsbudsjett

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med framdriftsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kostnadsprognosar og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

### Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar at innkjøpa i eit investeringsprosjekt er gjenstand for:

- a) Planlegging?
- b) Konkurransegjennomføring?
- c) Kontraktsoppfølging?

## METODE

I dette prosjektet har vi hovudsakleg basert oss på skriftelege kjelder. Desse er dei sentrale styringsdokumenta som budsjett, økonomirapportering og årsrekneskap, samt dei politiske sakene som vedkjem dei investeringsprosjekt som vart valt ut for ein gjennomgang av rekneskapsføringa.

I samanheng med denne gjennomgangen av rekneskapen for eit utval av investeringsprosjekt, vart det også gjort ein gjennomgang av arkivmapper i kommunen sitt saksarkiv ACOS som er knytt til prosjektet. Dette for å få eit generelt inntrykk av kva for dokument som vanlegvis ligg der.

Vi har også gjennomført samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt. Dette har vore einingsleiar for teknisk og økonomisjef og ingeniørane som er knytt til veg, vatn og avløp. Sistnemnte har prosjektleiaransvaret for gjennomføringa av investeringsprosjekta. Samtalane har gitt oss innblikk i måten det blir arbeidd på i høve til problemstillingane.

I kapittel 2 har vi gjort ei framstilling av informasjon vedkomande dei prosjekta som vi valde ut. Særleg har vi der fokusert på to av dei, og framstillinga av desse to belyser den informasjon som har blitt gitt til politiske organ og offentlegheita når det gjeld investeringsbudsjettet i Giske kommune frå 2015 og fram til i dag. Informasjonen som vi gir er detaljert, og det er mogleg å få med seg hovudinnhaldet i denne rapporten utan å ha lest dette kapittelet.

## KONKLUSJONAR

### **Problemstilling 1: Investeringsbudsjett**

Vår overordna generelle vurdering er at kommunen ved teknisk sjef og ingeniørane på kvar avdeling har arbeidd godt den seinare tid med å få på plass ein betre struktur i gjennomføring av investeringsprosjekt innan veg, vatn og avløp.

Rådmannen sjølv og teknisk sjef viser etter vårt syn ei god interesse for dei tema som bli omhandla i denne rapporten. Det gir eit godt grunnlag for ei vidare god utvikling. Vi oppfatta også ingeniørane ved teknisk eining som motiverte i høve til å få på plass ein betre struktur for framtida.

Kommunen stod for ei tid tilbake ovanfor eit kanskje utfordrande utgangspunkt. Teknisk eining fikk da ny leiing samstundes som at mange kunnskapsrike og erfarte tilsette vart pensjonert. Etter vår vurdering er det viktig å få på plass ein god struktur i gjennomføringa av prosjekt. Utan ein slik skriftleg nedfelt struktur er ein sårbar for at sentrale personar tek med seg kunnskap, erfaring og ein innarbeidd uformalisert struktur når dei sluttar. Mindre tekniske einingar er gjerne også meir sårbar for dette enn dei større, der avgang av nøkkelpersonar ikkje gir like store konsekvensar.

Vår gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt bar preg av å vere eit puslespel. Når vi som kommunerevisjon slit litt med å få oversikt over budsjetthistorikken til eit investeringsprosjekt, må ein tru at det også er vanskeleg for politikarar og innbyggjarane å skaffe seg oversikt basert på dei offentleg tilgjengelege kjeldene som kommunen gjer lett tilgjengeleg på sine websider.

Historikk og status i investeringsprosjekt er etter vår erfaring noko som politikarar og einskilde innbyggjarar har ei stor interesse omkring. Vår generelle vurdering er at kommunen bør prioritere å gir betre informasjon om investeringsprosjekta i dei sentral styringsdokumenta. Særleg gjeld dette informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet som det løvingsorienterte kommunal budsjettssystemet har sin fokus på. Det fleirårige perspektivet er løvingar, endringar og forbruk over fleire år.

### **Problemstilling 2: Offentlege innkjøp**

Kommunerevisjonen har grunn til tru at dei anskaffingar som er gjort i investeringsprosjekta som vi har gått gjennom, er gjennomført på ei god og tenleg måte. Desse anskaffingane er i all hovudsak gjennomført med eksterne ressursar.

Kommunen har i liten grad utvikla eigne system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging.

## ANBEFALINGAR

Kommunen har den seinare tid arbeidd godt, med å få på plass ein betre struktur i gjennomføring av investeringsprosjekt innan veg, vatn og avløp. Dette er eit arbeid som det er nødvendig å ha eit kontinuerlig fokus på, og vi vil anbefale kommunen om å forsette det gode arbeidet med prosesskartet og utvikling av ulike prosedyremalar.

Dei sentrale styringsdokument bør innehalde meir informasjon om investeringsprosjekta.

Vi skal vidare summere opp våre anbefalingar. Det er viktig at ein ikkje les dette som eit pålegg frå kommunerevisjonen, men noko som vi meiner rådmannen bør vurdere.

### Problemstilling 1: Investeringsbudsjett

Kommunen bør utarbeide skiftelege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerhet i dei ulike fasane.

Kommunen bør utvikle prosedyremalar som for alle investeringsprosjekt gir hjelp til å:

- Utforme eit prosjektmandat
- Gjennomføre ei interessantanalyse
- Handtere endringsstyring og omfangsstyring
- Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt
- Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse
- Gjennomføre ei evaluering
- Gjere ei formell avslutning

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standard oppsett for prosjektrekneskap som muliggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.

Kommunen bør gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør ein gjere ei vurdering av behovet for edb-løysningar som kan understøtte prosesskartet på ein god måte.

Kommunen bør gjere ei vurdering av fordelinga mellom intern og ekstern prosjektstyring. Om det er behov for ei omlegging bør ein utvikle ein lengre strategi i høve til dette.

### Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Giske kommune bør vidareutvikle sine system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging, og kan med fordel integrere desse inn i dei ulike prosedyremalane som kommunen etter vårt syn bør utvikle.

**INNHOLD**

1.	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling .....	1
1.2	Problemstillingar og avgrensingar.....	1
1.3	Metode og gjennomføring .....	1
1.4	Revisjonskriterier.....	2
1.5	Om organisering VA og Vei.....	3
1.6	Om LEAN prosjektet .....	5
2.	Utval av investeringsprosjekt.....	6
2.1	Geilevika – Teppemyra .....	6
2.2	Oksnes .....	18
2.3	Blomvik - Oksnes .....	22
2.4	Gjerdehavna .....	23
2.5	Alnes .....	24
2.6	Kringkastar.....	27
2.7	Rammebudsjett .....	30
3.	Problemstilling 1: Investeringsbudsjett .....	33
3.1	Revisjonskriterier.....	33
	Kostnadsoverslag .....	33
	Oppstartsfasen .....	33
	Planlegging .....	34
	Oppfølging.....	35
	Avslutning.....	36
3.2	Faktagrunnlag.....	37
	Kostnadsoverslag .....	38
	Oppstartsfasen .....	39
	Planlegging .....	39
	Oppfølging.....	40
	Avslutning.....	42
3.3	Vurderingar.....	44
	Kostnadsoverslag .....	44

Oppstartsfasen .....	45
Planlegging .....	45
Oppfølging .....	46
Avslutning .....	47
4. Problemstilling 2: Offentlege innkjøp .....	49
4.1    Revisjonskriterier.....	49
4.2    Faktagrunnlag.....	50
4.3    Vurderingar.....	50
5. Konklusjonar og anbefalingar .....	51
Vedlegg .....	52
Sentrals dokumenter og litteratur .....	52
Rådmannens kommentarar .....	53

## 1. INNLEIING

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av investeringsprosjekt i Giske kommune.

I dette kapittelet gjer vi greie for bestillinga, og gir kort bakgrunnsinformasjon om organiseringa av teknisk eining i Giske kommune, samt litt informasjon om LEAN-prosjektet.

### 1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

I sak 06/19 den 19.03.19 vedkomande ein diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon, bad kontrollutvalet om ei prosjektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett. Prosjektplan vart vedteken av kontrollutvalet i sak 14/19 den 14.05.19. Det vart då fatta eit slikt vedtak:

*Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt og innkjøpsrutinar i Giske kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.*

### 1.2 PROBLEMSTILLINGAR OG AVGRENSINGAR

Prosjektet har blitt avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn, avløp og veg for perioden 2015 til 2018, og har hatt følgjande problemstillingar:

#### Problemstilling 1: Investeringsbudsjett

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med framdriftsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kostnadsprognosar og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

#### Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar at innkjøpa i eit investeringsprosjekt er gjenstand for:

- a) Planlegging?
- b) Konurransegjennomføring?
- c) Kontraktsoppfølging?

### 1.3 METODE OG GJENNOMFØRING

Det å ha gode system og rutinar er viktig for å sikre at kommunen overheld eit regelverk eller ein god praksis, men det er ofte ikkje tilstrekkeleg å berre ha nedfelte rutinar. I tillegg, må ein også sørge for ei god oppfølging og sikring av at dei også blir følgde.

Prosjektet har blitt gjennomført i samsvar med følgande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann
- Gjennomgang av rutinar og dokument som vedkjem investeringsprosjekt
- Gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt og gjennomgå rekneskapen for desse
- Samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt
- Utarbeiding av rapport

I samanheng med gjennomgangen av rekneskapen for eit utval av investeringsprosjekt, er det også gjort ein gjennomgang av arkivmapper i kommunen sitt saksarkiv ACOS som er knytt til prosjektet. Dette for å få eit generelt inntrykk av kva for dokument som vanlegvis ligg der.

Når det gjeld samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt, er det gjennomført samtaler med einigsleiar for teknisk og økonomisjef. Vidare det gjort samtalar med ingeniørane som er knytt til veg, vatn og avløp. Desse har prosjektleiaransvaret for gjennomføringa av investeringsprosjekta. I desse samtalane vart vi kjent med at teknisk eining har ei eige filområde på ein sentral server der mange prosjektdokument blir lagt. Vi har ikkje gjort ein gjennomgang av dette området.

Det er vår vurdering at vi har eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

#### 1.4 REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Desse skal vere grunngitt i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova § 25-1 angir i 1. ledd at kommunen skal ha internkontroll, og at kommunedirektøren er ansvarleg for den. Det inneber at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd. Vi viser til COSO-rammeverket som ein etablert norm for internkontroll.

I tillegg til dette, vil vi i ta utgangspunkt i kommunelova § 14-4, NS-ISO 21500:2012 *Veiledning i prosjektledelse*, og Difi sin prosessmodell.

##### **Problemstilling 1: Investeringsbudsjett**

Norsk Standard har gitt ut ein internasjonal standard *Veiledning i prosjektledelse* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektleiing. Standardane angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varighet.

Prosessane som det er referert til ovanfor, er gruppert i prosessgrupper og kunnskapsområder, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.

Vår inndeling frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokre av standarden sine tilrådingar vil bli konkretisert i rapporten.

## Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Difi sin prosessmodell for gjennomføring av ei offentlig anskaffing er delt inn i 3 fasar: Avklare behov og førebu konkurransen, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging. Det er eit visst samanfall mellom Difi og NS-ISO 21500:2012. Der sistnemte har anskaffingar som eit eige kunnskapsområde og peikar på prosessane: *Planlegge anskaffelser, Velge leverandør og Administrere anskaffelser*.

### 1.5 OM ORGANISERING VA OG VEI

Teknisk eining i Giske kommune er organisert i fire avdelingar; *Teknisk drift, Teknisk forvaltning og Bygg og eigedom*, samt *Reinhold*. Desse avdelingane er leia av ein avdelingsleiar som igjen er leia av ein einingsleiar som har ein stab med nestleiar og to tilsette som arbeidet med økonomi og jus. Teknisk eining har framstilt organiseringa med følgjande organisasjonskart:



I budsjettet for 2020 er det framstilt ein tabell over talet på tilsette:

Tal tilsette	Tal tilsette 2019	Tal tilsette 2020
Teknisk sjef stab	5	5
Teknisk forvaltning	10	11
Teknisk drift	13	12
Egedomsavdelinga	10	10
Reinhold	19	19
Sum	57	57
Brannvern	26	27

Kjelde: Budsjett 2020

I høve til budsjett og rekneskap er teknisk eining organisert slik:

Ansvare	Årsverk 2019	Årsverk 2020
5000 - Byggesak	3,8	2,53
5100 - Eigedomsavdelinga	22,54	23,58
5300 - Brannvern	7,3	4,7
5310 - Feiing og tilsyn	0	0
5400 - Kommunalt kartverk	1,3	1,8
5410 - Oppmålingsforretning	0,9	0,62
5500 - Regulering/grunnkjøp	1,7	1,85
5510 - Plan	0	0,55
5520 - Grunnkjøp	1,5	1,5
6000 – Opparbeiding utbyggingsområde	0	0,7
6100 - Veganlegg	4,38	4,73
6200 - Vassforsyning	4,97	3,29
6300 - Avløp og rensing	5,03	4
6350 - Slamtømming	0	0,15
6400 - Renovasjon	2,37	2,33
<b>Sum</b>	<b>49,22</b>	<b>46,87</b>

Kjelde: Budsjett 2020

Oversikt over årsverk på veg, vatn og avløp per september 2019:

	6100 Veganlegg	6200 Vassforsyning	6300 Avløp og rensing
Fordelt frå einings- og avdelingsleiar	52,50 %	45,90 %	79,16 %
Fordelt frå stab	30,00 %		
Tilsett A1 (Ingeniør)	100,00 %		
Tilsett A2	100,00 %		
Tilsett A3	100,00 %		
Tilsett A4	53,50 %		
Tilsett A5	80,00 %		
Tilsett B1 (Ingeniør)		100,00 %	
Tilsett B2		100,00 %	
Tilsett C1		50,00 %	50,00 %
Tilsett C2		50,00 %	50,00 %
Tilsett D1			100,00 %
Tilsett D2 (Ingeniør)			90,00 %
	5,16	3,46	3,69

Kjelde: Lønnssystemet per september 2019

På kvar avdeling er det tilsett ein ingeniør i 100 %-stilling. Når det gjeld ingeniør på avløp er 10 % av stillinga knytt til brannvern. Desse ingeniørstillingane har ansvaret for å gjennomføre investeringsprosjekta innan veg, vatn og avløp.

## 1.6 OM LEAN PROSJEKTET


Teknisk eining har sidan hausten 2017 arbeidd ein del med nye system og rutinar innan planlegging og utbygging av tekniske anlegg. Dette har vore ein del av arbeidet med LEAN som kommunen har sett i gang med hjelp av ein ekstern konsulent. Ein viktig del av tankegangane knytt til LEAN er å få fokus på flyt i dei ulike arbeidsprosessane.

Ein sentral del av dette arbeidet i Giske kommune har vore å konkretisere eit prosesskart som tydeleggjer flyten i eit prosjekt frå behov blir meldt inn til det blir avslutta, for deretter å bli drifta og haldt ved like. Prosesskartet er delt inn i 6 fasar:

- Behovsvurdering
- Prosjektvurdering
- Forprosjekt/regulering
- Prosjektering og konkurranse
- Prosjektgjennomføring
- Drift og vedlikehald

Ved utgangen av oktober 2019 låg det føre ein versjon 27 av dette prosesskaret, som er den vi skal legge til grunn vidare. Status med omsyn til rutinar var då at ein var omtrent ferdig med alt fram til og med prosjektvurdering. Ein del eldre malar knytt til stega vidare vil vere eit utgangspunkt for arbeidet vidare. Vidare at ein hadde fått klarheit i korleis ein skal arbeide inn mot økonomi og tidsperspektivet som gjeld i høve til politisk handsaming.

Nedanfor har vi gjort eit utklipp frå dette prosesskartet:



Ei utfordring med slike prosesskart er at dei inneheld mykje informasjon og er noko vanskeleg å framstille på ein enkelt måte. Særleg gjeld dette den horisontale dimensjonen i slike kart som lett blir lang. Vi tar med eit utklipp her, for å gi ein illustrasjon på kva det blir sikta til med eit prosesskart.

## 2. UTVAL AV INVESTERINGSPROSJEKT

Når det gjeld utvalet av dei investeringsprosjekt som vi skal sjå på, tok vi utgangspunkt i ein regnskapsrapport over investeringsprosjekta for åra 2015 til 2018. Vi satt deretter ei avgrensing til prosjekt som hadde eit prosjektnummer som starta med 6 og som hadde ein samla sum for åra på over 500 000 kr. Dette gav ei liste på 21 prosjekt som vi gjorde ein kort gjennomgang av. Av desse valde vi ut følgjande 11 prosjekt:

Nr	Prosjekt	2015	2016	2017	2018	Sum
6006	TEKNISKE ANLEGG OKSNES	6 169 332	10 768 010	7 056 827	881 518	24 875 686
6307	OVERFØRING BLOMVIK - OKSNES	0	0	452 546	1 253 049	1 705 595
6343	LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	27 144	210 449	3 001 174	9 314 177	12 552 945
6370	SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES	287 340	0	4 521 026	-1 196 010	3 612 357
6371	LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES	199 674	19 200	6 688 339	1 325 752	8 232 965
6325	SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	0	0	139 145	2 069 658	2 208 803
6326	OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR	0	0	205 273	3 293 086	3 498 358
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	339 228	868 428	433 272	4 730 429	6 371 357
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG	1 555 103	4 555 456	971 636	4 809 578	11 891 773
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG	628 235	1 385 619	2 469 703	674 603	5 158 160
6201	MINDRE VEGANLEGG	151 545	686 449	-127 609	991 978	1 702 363

Vi har gjort ein grundig gjennomgang av rekneskapen og budsjettet for desse prosjekta, og skaffa til veie ei oversikt over leverandørar. Vi skal vidare gruppere desse 11 prosjekta i 7 grupper. Desse er:

- 1 - Gangveg og leidningsanlegg Geilevika – Teppemyra (Prosjektnummer 6154)
- 2 - Tekniske anlegg Oksnes (Prosjektnummer 6006)
- 3 - Overføring Blomvik – Oksnes (Prosjektnummer 6307)
- 4 - Leidningsanlegg ved Gjerdehavna (Prosjektnummer 6343)
- 5 - Slamavskillar og leidningsanlegg Alnes (Prosjektnumera 6370 og 6371)
- 6 - Slamavskillar og overføring Kringkastar (Prosjektnumera 6325 og 6326)
- 7 - Rammebudsjett (Prosjektnumera 6383, 6381 og 6201)

Vi skal vidare gjere ei framstilling av informasjon vedkomande desse prosjekta, der vi særleg vil fokusere på dei to første. Ein grundig gjennomgang av desse to vil belyse den informasjon som blitt gitt til politiske organ og offentlegheita når det gjeld investeringsbudsjettet i Giske kommune frå 2015 og fram til i dag. Denne informasjonen er detaljert og det er mogleg å få med seg hovudinhaldet i denne rapporten utan å ha lest kapittel 2.

### 2.1 GEILEVIKA – TEPPEMYRA

Prosjektet 6154: *Gangveg og leidningsanlegg Geilevika – Teppemyra* har ei eiga arkivmappe *Gang- og sykkelveg Teppemyra* referert til som arkivsak 15/1102 i sakshandsamingssystemet ACOS. Dokument knytt til prosjektet blir arkivert der. Det er også oppretta ei saksmappe *Gang-/sykkelveg Teppemyra - Geilevika, etappe 1 frå brannstasjonen* med saksid 19/4 og ei saksmappe *Gang- og sykkelveg Teppemyra - Geilevika etappe 2 - Strandkleiv* med saksid 19/450.

Ein gjennomgang av 15/1102 syner at det hovudsakeleg er registrert inngående og utgåande dokument, samt to interne epostar og ei politisk sak (K-sak 074/16 den 17.11.16). Det er Norconsult

AS som gjennomførte prosjekteringa og konkurransane. Dokument vedkomande anskaffingar, som anbod og kontraktar, blir dermed registrert som inngåande og utgående dokument i ACOS.

I mappe 19/4 er det berre inngåande og utgåande brev, medan det i mappe 19/450 også er to politiske saker (K-sak 022/19 den og K-sak 116/19 den 28.11.19). I den nyaste mappa, er dei to første dokumenta: *Sjekkliste for prosjekteringsfasen* og *sjekkliste utbyggingsfasen*. Dette er det ein kan kalle prosjektstyringsdokument. Vi har sett nokre døme på at slike dokument blir lagt inn i ACOS.

I prosjektet et det ein prosjektleiar som er ingeniør vatn og ei ressurs som er ingeniør veg.

Frå våren 2015 og fram til hausten 2018 arbeidde Norconsult AS med prosjektering og anbod på dette pågåande prosjektet. I 2. tertialrapport for 2019 lagt fram for kommunestyret, går det fram at etappe 2 er under prosjektering og at det er sendt søknad til vegvesenet om dispensasjon for avkøyrsla. Seinare vart det fremma ei eiga kommunestyresak 116/19 den 28.11.19, der ein vedtok å gjennomføre ein konkurranse for neste steg, med etterhald om budsjettløyving.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i april 2015 og fram til no:

#### **Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019**

2015	2016	2017	2018	2019	Sum
339 228	868 428	433 272	4 730 429	5 246 599	<b>11 617 956</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19

Samla er det nytta 11,618 mill kr til no i dette prosjektet.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Norconsult AS (Provar AS)	3 477 502
Aco Anlegg AS	4 182 150
Giske Anlegg AS	2 030 553
Xylem Water Solutions Norge AS	923 746
Furnes Anlegg og Transport AS	38 184
Juridisk bistand	322 344
Gebyr (Giske kommune)	344 143
Statens Kartverk	2 788
Diverse	142 461
Fordelt lønn (2016)	154 085
	<b>11 617 956</b>

Vi har henta ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet. Ein skil mellom eit opphavleg budsjett og eit justert budsjett. Opphavleg budsjett er budsjettet slik det vart vedteke i kommunestyret sitt budsjettmøte, vanlegvis i desember året før. Opphavleg budsjett for dette prosjektet har vi framstilt i følgjande tabell:

#### **Opphavleg budsjett frå 2012 til 2019**

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
200 000	500 000	7 100 000	0	9 030 000	18 200 000	14 867 000	10 321 000

Kjelde: Rekneskapssystemet

I løpet av eit budsjettår kan det bli gjort endringar i budsjettet ein eller fleire gongar. Følgjande tabell framstiller justert budsjett slik det låg føre ved utgangen av budsjettåret:

**Justert budsjett frå 2012 til 2019**

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
200 000	500 000	7 100 000	2 100 000	10 790 772	18 200 000	32 633 000	21 336 704

Kjelde: Rekneskapssystemet

Ved handsaming av årsrekneskapen for eit år er det justert budsjett som gir uttykk for den løyvinga som nettoutgiftene for året blir målt mot. Eit investeringsbudsjett er eittårig og har bindande verknad. Det inneber at rådmannen ikkje har heimel til nytte meir enn det som går fram av justert budsjett. Då investeringsbudsjett også er eit utrykk for ei politiske prioritering og ein framdriftsplan, er det også uheldig om rådmannen ikkje nyttar ei løyvd ramme.

Vi skal vidare framstille informasjon som er lagt fram for politiske organ om dette prosjektet.

**Budsjettår 2012**

I budsjettmøtet for 2012 vart det fremma forslag om:

*Gang- og sykkelveg frå Geilevika til Midtbø handel*

Etter eit gruppemøte vart følgjande med i eit fellesforslag:

*Gangveg v/ Godøy bedehus, oppstart regulering, kr 200 000 inv. v/ låneopptak*

**Budsjettår 2013**

I budsjettet for 2013 vart det lagt inn 500 000 kr til grunnkjøp. Prosjektet vart omtalt slik i budsjettdokumentet for 2013:

*Prosjekt 6154- Leidningsanlegg og gangveg Geilevika Strandkleiv (Teppemyra) (12,4 mill)*

*Prosjektet gjaldt fyrst utskifting av dårleg 150 mm eternittleidning og legging av nye avløpsleidningar langs fylkesvegen frå bedehuset og forbi Strandkleiv (ca.1 km). Prosjektet er nå utvida til og å gjelde gang og sykkelveg langs same trase.*

**Utdrag frå budsjettskjema 2B**

		INVESTERINGAR	BUDSJ.	BUDSJ.	BUDSJ.	BUDSJ.
			.2013	.2014.	.2015	.2016
.6154	GANGVEG / LEIDN.ANLEGG - TEPPEMYRA - GODØY - OPPARB	UTGIFT		7 400		
.6154	GANGVEG / LEIDN.ANLEGG - TEPPEMYRA - GODØY - GRUNNKJØP	UTGIFT	500			
<b>6154</b>	<b>GANGVEG / LEIDN.ANLEGG - TEPPEMYRA - GODØY</b>	<b>SUM</b>	<b>500</b>	<b>7 400</b>		

Kjelde: Årsbudsjett 2013

**Budsjettår 2014**

I budsjettet for 2014 vart det løvd 7,1 mill kr til prosjektet, og vart då omtalt slik:

*Leidningsanlegg/gangveg Geilevika Strandkleiv (Teppemyra) (12,4 mill). Utskifting av dårleg 150 mm eternit-/avløpsleidningar, fylkesvegen bedehuset -Strandkleiv (ca.1 km) og no utvida til og å gjelde gang og sykkelveg langs same trase. Regulering starta, mål om oppstart i år og slutføring 2015.*

**Utdrag frå budsjettskjema 2B**

		REKNESKAP	BUDSJETT	BUDSJETT	ØKONOMI-
		OPPRINN.	KORRIGERT		PLAN
				BUDSJETT	
				(01.01.2013)	(15.10.2013)
					(FRAMLEGG)
PROSJEKT	TAL I 1.000 KR	.2012	.2013	.2013	.2014

Prosjekt:	6154 GANGV./LEIDN.ANL - GEILEVIKA - TEPPEMYRA				
Utgifter		0	500	500	8 025
Inntekter		0	0	0	-925
	Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL - GEILEVIKA - TEPPEMYRA	0	500	500	7 100

*Kjelde: Årsbudsjett 2014***Budsjettår 2015**

I budsjettet for 2015 vart det løvd 3,7 mill kr til prosjektet.

**Utdrag frå budsjettskjema 2B**

Pro-sjekt	Beskrivelse		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	Inntekt	-925 000	0	0	0	0
		Utgift	8 025 000	3 700 000	0	0	0
		Netto	7 100 000	3 700 000	0	0	0

*Kjelde: Årsbudsjett 2015*

Rådmannen hadde innstilt på eit investeringsbudsjett med samla netto investeringsutgifter på 23,775 mill kr der ei ramme på 3,700 mill kr til dette prosjektet låg inne. Vidare låg det i den samla ramma ei uspesifisert ramme på 3,200 mill kr netto til vassforsyning og 11,350 mill kr netto til avløp, samt ei spesifisert ramme på 6382: *Pumpestasjonar oppgradering* på 5,500 mill kr netto, i alt 19,750 mill kr. Desse tre postane vart endra i kommunestyret, som løvd midlane til konkrete prosjekt, m.a. utbygginga ved Oksnes som vart gitt 16,600 mill kr. Vi skal sjå litt nærmere på dette i neste kapittel som vedkjem dette prosjektet.

I budsjettvedtaket stod det:

*Giske kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å overføre ubrukte løyvingar frå investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2014 til 2015, samt å gjere tilsvarande endringar i låneramma.*

I ei administrativ budsjettendring av 28.02.15 vart 7,1 mill kr i unytta løyvingar frå 2014 overført til budsjettet for 2015.

Den 08.06.15 vart det fremma ei sak 059/15 for formannskapet som gikk vidare som sak 036/15 til kommunestyret den 18.06.15. Saka hadde tittel: *Budsjett 2015 Teknisk eining, justering innan VA*. I saka låg det ved ei detaljert oversikt over budsjettendringane. Under saksutgreiing stod det:

*Gjeld budsjett for teknisk innan veg, vatn og avløp. Oppsummering og endringar av framdrift for dei viktigaste prosjekta så langt i år og forslag til justeringar i budsjettet. Sjå vedlegg og vurderingar.*

Under vurdering stod det:

*Dei viktigaste prosjekta vert omtala her. For detaljer og mindre prosjekt sjå vedlegg.*

(...)

*Prosjekt 6154 Gangveg/leidningsanlegg Geilevika – Teppemyra. Prosjektering er oppstarta men lir under for liten kapasitet. Om vi er heldige vert prosjekteringen ferdig i år. 5 mill overførast til 2016.*

(...)

#### **Utdrag frå vedlegget**

BUDSJETTENDRING KAPITAL 2015			Buds(end)	Endring	Endra bud.	Regnskap	%-	Regnskap
Utskr.	03.06.2015 10:22		2015	2015	2015	28/4 -15	forbr.	2014
		Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	7 100 000	-5 000 000	2 100 000	10 665	0	0

Kjelde: Vedlegg til K-sak 036/15

#### **Budsjettår 2016**

I budsjettet for 2016 vart det løyvd 9,030 mill kr til prosjektet.

#### **Utdrag frå budsjettskjema 2B**

			Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Inntekt	6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	-1 400 000	-600 000	0	0
Utgift			10 430 000	4 470 000	0	0
Netto			9 030 000	3 870 000	0	0

Kjelde: Årsbudsjett 2016

Den 06.06.16 vart det fremma ei sak 073/16 for formannskapet som gikk vidare som sak 043/16 til kommunestyret den 16.06.16. Saka hadde tittel: *Investeringsbudsjett 2016 – Overføring av ubrukte løyvingar frå 2015*. I saka låg det to vedlegg, budsjettskjema 2A og 2B etter endring. Under saksutgreiing stod det:

*I sak 147/15 (budsjettvedtak) har rådmannen fullmakt til å overføre ubrukte løyvingar i investeringsbudsjettet frå 2015 til 2016.*

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett-/rekneskap for 2015 er det overført følgjande ubrukte løyvingar til investeringsbudsjett 2016:*

#### *Overført til 2016*

(...)

*6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA                    1 760 772*

(..)

*Dette gjeld restsummar som skal gå til ferdigstilling av arbeid starta i tidlegare år.*

#### **Utdrag frå vedlegget**

	Nytt budsjett	Opprinnelige Budsjett
	2016	2016
Prosjekt:	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	
Utgifter	12 330 231	10 430 000
Inntekter	-1 539 459	-1 400 000
Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	10 790 772	9 030 000

Kjelde: Vedlegg til K-sak 043/16

Den 01.09.16 vart det fremma ei sak 056/16 for komité for miljø og tekniske saker den. Denne saka gikk vidare til formannskapet som sak 120/16 den 24.10.16 og til kommunestyret som sak 074/16

den 17.11.16. Saka hadde tittel: *Gang- og sykkelvei med leidningsanlegg Teppemyra-Geilevika – Kostnadsoverslag ekstraløyving*. Under saksutgreiing stod det:

*Norconsult AS er godt i gang med prosjektering av gangveg jf. reguleringsplan av 19.06.*

*Prosjektet omfattar også utskifting av asbest vassleidning frå 1965, samt ny kommunal overvassleidning, leidning og pumpestasjon for spillvatn. Det er fornying av vassleidning som initierer resten av prosjektet fordi mange av abonnentane har dårleg vasstrykk på grunn av tilstand på leidningen. Ut ifrå trafikktryggingsomsyn er det svært ønskjeleg med gangveg for trygg ferdsel langs fylkesvegen mellom Geilevika og Teppemyra.*

Under økonomiske konsekvensar stod det:

*Det er avsett kroner 9,03 mill. kroner i budsjettet for dette året og 3,87 mill. neste år, til saman 12,9 mill. Av dette er 5,6 + 2,4 til saman 8,0 mill. avsett til veganlegg, resten, 4,9 mill. til vatn og avlaup. Eit foreløpig kostnadsoverslag basert på geotekniske undersøkingar av skråninga ved Strandkleiv og grov prosjektering viser at heile prosjektet vil koste om lag 32,3 mill. kroner. I tillegg kjem kostnadar til grunnkjøp, prosjektering, gatelys og flytting av el-installasjonar, slik at vi truleg kjem opp i nærmere 38 mill. kroner. Vi manglar soleis 26,1 mill. til å gjennomføre heile prosjektet.*

*Vi har fått kostnadar for deletappar av prosjektet for å kunne vurdere etappevis utbygging. Alle kostnadar og budsjettmidlar i saka er eks. mva.*

Under vurdering stod det innleiingsvis at:

*For heile den regulerte gangvegen med leidningsanlegg for vatn, spillvatn og overvatn er kostnadane rekna til 19 mill. kroner. I tillegg kjem spunting for sikring av skråninga på ca. 11,4 mill kroner. Ein må også gå vidare utover mot Geilevika med spillvatnet via ein pumpestasjon. (Etappe 5. 1,85 mill). Gatelys kjem til med 1,25 mill. Grunnkjøp, prosjektering og flytting av eksisterande el-installasjonar kan reknast til om lag 4,5 mill kroner.*

Deretter vart det gitt ei kort skildring av dei ulike etappane, og vurderingane vart avslutta slik:

*For å kome i gang med prosjektet for dei midlane som er budsjettert kan ein starte med etappe 1 (3,6 mill.), så gå til etappe 5 (1,85 mill.) og etappe 4 (5,2 mill.), totalt 10,75 mill. + prosjektering, grunnkjøp og el.installasjonar. Medan dette arbeidet pågår må vi jobbe med å få på plass finansiering av midtpartiet, som er det klart dyraste partiet. Vi kan søkje fylket om 50/50-midlar. Der er avsett 8 mill. til trafikktryggingstiltak med kommunetilskott i Møre og Romsdal for 2017, så vi kan ikkje rekne med dei heilt store beløpa (kanskje 0,5 mill.). Av dei manglande 26,1 mill. er 15,75 mill. innanfor sjølvkostområda vatn og avløp. Komplett anlegg frå både sider fram til den usikre skråninga vil koste om lag 22 mill. Å bygge berre dette er både frå VA-og trafikktryggingssida ei dårleg løysing med midlertidig utslipps av urensa spillvatn og ein får ikkje skifta heile vassleidninga utan å gå for etappe 3 i tillegg.*

Det vart fatta eit slikt vedtak:

*Giske kommunestyre vedtek å fortsette prosjekteringen av gangveg med leidningar heile strekninga inklusive spunting for å stabilisere skråninga. Etappe 1 startast opp vinteren 2016/2017, Etappe 5 og 4 startast så snart prosjektering og grunnavtalar er klare.*

*Det vert innarbeidd 26,1 mill. ekstra i budsjett for 2017 fordelt med 10 350 000 til veganlegg 6 770 000 til fornying vassleidning og 8 980 000 til avlaup/reinsing.*

*For delen av prosjektet som gjeld G/S-veg langs fylkesvegen og finansiering av denne, forutset ein at denne vert finansiert som forskotteringsprosjekt for fylkeskommunen etter søknad.*

*VAR-delen vert finansiert ved låneopptak. GS vert finansiert ved låneopptak og investeringsmoms i forskotteringsperioden.*

## Budsjett 2017

I budsjettet for 2017 hadde rådmannen innstilt på å ikkje løyve noko til prosjektet.

### Utdrag frå budsjettskjema 2B

		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Inntekt	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T		0	0	0	0
	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T		-1 400	0	0	0
Utgift	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T		10 430	0	0	0
Netto	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T		9 030	0	0	0

Kjelde: Årsbudsjett 2017

Av protokollen går det fram at det var fremma følgjande forslag:

*Prosjekta Ny skuleveg Giske og GS/VA Geilevika-Teppemyra vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2017 og 2018. Lånefinansieringsramma vert likevel uendra ved at andre prosjekt i økonomiplanperioden vert redusert eller utsett, og at ein nyttar ein avgrensa del av kraftfondet til forskottering av utbyggingskostnadene i Ny skuleveg Giske. Beløpet for nedskrivning av fondet skal tilbakeførast til fondet innan 2020. Vert ikkje prosjektet finansiert frå fylkeskommunen innan 2020, skal heile beløpet for nedskrivning av fondet tilbakeførast frå investeringsbudsjettet innan utgangen av gjeldande økonomiplanperiode. Heile prosjektet GS/VA Geilevika-Teppemyra vert finansiert ved låneopptak, med forutsetning gitt i vedtak i K-074/26 om finansiering av GS-delen som forskotteringsprosjekt. Det skal ikkje nyttast kraftfond til dette prosjektet. Følgande investeringsprosjekt vert berørte av endringa:*

- GS/VA Geilevika-Teppemyra - grunnkjøp, prosjektering og gjennomføring i 2017-2018.
- Ny skuleveg Giske - grunnkjøp og prosjektering i 2017, gjennomføring i 2018.
- GS/VA Reset, Vigra - utsett til 2020.
- Utbetring Valderøy kyrkje - redusert ramme eller delvis utsett til etter 2020.
- VA Ytterlandsneset - redusert ramme ved uttrekk av turveg.
- Utleigebustader - utsett eitt år, med mindre inntekter frå sal av kommunale eigedomar gjer det mogleg å gjennomføre i 2018.
- Reins/utslepp Nordstrand - grunnkjøp 2017, gjennomføring etter 2020.

Det vart halde gruppemøte og gruppeleiarmøte. Etter dette vart det fremma eit fellesforslag som ovanfor nemnte med tillegg av følgjande:

*Reduksjon i fondsavkastning som følgje av bruk av kraftfond i 2018 vert inndeikt i driftsbudsjettet for 2018 ved organisk vekst i eigedomsskatt på kr 500.000 årleg.*

Den 24.04.17 vart det fremma ei sak 047/17 for formannskapet som gikk vidare som sak 031/17 til kommunestyret den 15.06.17. Saka hadde tittel: *Investeringsbudsjett 2017 - overføring av ubrukte løyvingar frå 2016*. I saka låg det to vedlegg, budsjettkjema 2A og 2B etter overføring av investeringar. Prosjektet var ikkje nemnt i saksutgreiinga, og det vart fatta eit slikt vedtak:

*Investeringar vert overført med kr 28 762 451, og vert finansiert av ubrukte lånemidlar med kr 28 762 451.*

*Giske kommunestyre vedtek å søkje Møre og Romsdal fylkeskommune om 50/50 finansiering av gangvegdelena av Prosjektet GS/VA Geilevika-Teppe myra på Godøya.*

*Gangvegen her vil også vidare gjevast førsteprioritet i "Kommunedelplan Trafikktryggjing i Giske" som no er under revidering. Dette prosjektet er eit prioritert prosjekt vedteke og godkjent i årsbudsjett 2017/ økonomiplan 2017-2020 for Giske kommune. Sidan prosjektet er ferdig utarbeidd, grunnkjøp godt igang og her er stort behov for både gangvegen (GS) og fornying av tekniske anlegg (VA) i området, vedtek Giske kommunestyre å forskottere fylket sin andel (50%) av kostnadene til gangveg-delen av prosjektet. Finansiering av prosjektet ved låneneopptak i tråd med godkjent budsjettvedtak for 2017.*

#### Utdrag frå vedlegget

	Nytt budsjett 2017	Opprinnelige Budsjett 2017
Prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPE MYRA		
Utgifter	19 675 000	19 675 000
Inntekter	-1 475 000	-1 475 000
Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPE MYRA	18 200 000	18 200 000

Kjelde: Vedlegg til K-sak 031/17

#### Budsjettår 2018

I budsjettet for 2018 vart det ikkje løyvd noko til prosjektet.

#### Utdrag frå budsjettkjema 2B

	Rådmannens forslag	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekt	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T					
Utgift	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	-1 475	0	0	-2 960	0
Netto	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	19 675	0	0	28 148	0
		18 200	0	0	25 188	0

Kjelde: Årsbudsjett 2018

Den 16.04.18 vart det fremma ei sak 027/18 for formannskapet som gikk vidare som sak 027/18 til kommunestyret den 14.06.18. Saka hadde tittel: *Investeringsbudsjett 2018 - overføring av ubrukte løyvingar frå 2017*. I saka låg det to vedlegg, budsjettkjema 2A og 2B etter overføring av investeringar. I saksutgreiinga stod det:

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett-/rekneskap for 2016 er det overført følgjande ubrukte løyvingar til investeringsbudsjett 2018:*

*Alle tal i heile 1 000*

*Overført til 2017*

(...)

*Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKATEPPEMYRA*      **17 766**

(...)

**Sum Investering**      **47 889**

*Dette gjeld restsummar som skal gå til ferdigstilling av arbeid starta i tidlegare år.*

#### Utdrag frå vedlegget

	Nytt budsjett 2018	Opprinnelige Budsjett 2018
Prosjekt:	6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	
Utgifter	35 414	16 408
Inntekter	-2 781	-1 541
<b>Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA</b>	<b>32 633</b>	<b>14 867</b>

*Kjelde: Vedlegg til K-sak 027/18*

#### Budsjettår 2019

I budsjettet for 2019 vart det løyvd 10,321 mill kr til prosjektet.

#### Utdrag frå budsjettkjema 2B

Linjenavn	Prosjekt	Budsjettkjema 2B	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Netto	6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	14 867 000	10 321 000	0	0	0

*Kjelde: Årsbudsjett 2019*

Den 04.04.19 vedtok kommunestyret eit nytt investeringsbudsjett, der ein i hovudsak berre lånefinansierte det som var innanfor sjølvkostområdet. Saka hadde bakgrunn i ei tilbakemelding frå fylkesmannen om at kommunen måtte gå gjennom investeringsbudsjettet på nytt. Den delen av løyvinga til prosjektet på 10,321 mill kr som vedkjem veg var 5,677 mill kr, og den delen vart no finansiert ved unytta lånemidlar.

I kommunestyret same dag vart det satt opp ei sak 024/19 om overføring av dei unytta løyvingane frå 2018. I saka stod det:

*I arbeidet med gjennomgang av investeringsprosjekt har ein kome lenger med prosjektering enn ein var ved utarbeiding og godkjenning av budsjettet, og har betre grunnlag for å reke ut rett kostnad. Både prosjekt 5605 skulevegen på Giske og prosjekt 6154 Gangveg/Leidningssanlegg Geilevika – Teppemyra vil verte dyrare enn opprinnelige budsjettert.*

*Prosjekt 5605 Skulevegen på Giske har ei total kostnadsramme på 40,6 mill kr, ca 9,3 mill. kr meir enn budsjettert. Ulike løysingar og nye overslag for 6154 Gangveg/Leidningssanlegg Geilevika – Teppemyra vert lagt fram i eiga sak.*

*Det viser seg at det ikkje er nok ubrukte lånemidlar til å finansiere begge prosjekta slik desse no ligg føre.*

Rådmannen la fram saka med forslag om: *bruk av kraftfond med kr 6 628 300*. I formannskapet vart det vedteke eit felles endringsforslag: *Bruk av kraftfond vert endra til kr. 12 455 000, jf. tilråding i sak 054/19*. Kommunestyret vedtok samråystes innstillinga frå formannskapet.

Når det gjeld eiga sak som det er referert til i sitatet ovanfor, så var det sak 054/19 i formannskapet den 03.04.19, som gikk vidare som sak 022/19 den 04.04.19. Saka hadde tittelen: *Kostnadsvurdering alternativ 1 -3 - Gang-/sykkelveg Teppemyra – Geilevika etappe - Strandkleiv etappe 2*. I saksutgreiinga stod det:

*I samband med utbygging av tekniske anlegg med gang og sykkelveg frå Teppemyra til Geilevika har det blitt utarbeida tre alternativ for utbygging.*

**Alternativ 1:**

*Tekniske anlegg byggas med gangveg i det røde området. Vatten og avløp føras langs grøn trasse i kartet (sjå vedlegg). I forbindelse med dette vil det komme ein pumpestasjon for kloakk før å føre denne vidare opp til eksisterande leidning.*

*Alle grunnkjøp i forbindelse med gangvegen i sin heilhet vil bli gjennomført.*

**Alternativ 2:**

*Tekniske anlegg byggas unntatt gangveg i det røde området. Vatten og avløp førast langs grøn trasse i kartet. I forbindelse med dette vil det komme in pumpestasjon for kloakk før å føre denne vidare opp til eksisterande leidning.*

*Alle grunnkjøp i forbindelse med gangvegen i sin heilhet vil bli gjennomført.*

**Alternativ 3:**

*Alle tekniske anlegg vil bli bygget som prosjektert med gangveg.*

I saka vart det sett opp ein slik tabell over

	Ubrukte lån 2018	Budsjett 2019	Totalt
Veg	11.380.000	5.677.000	17.057.000
Vann og avløp	15.584.000	4.500.000	20.084.000

Summen av veg med 17 057 000 kr og vatn og avløp med 20 084 000 kr, er 37 141 000 kr.

Det vart fatta eit slik vedtak:

*Giske kommunestyre vedtek fylgjande:*

*Etappe Remmen - Strandkleiv (2 a) vert bygt fullt ut.*

*Etappe Geilevika - Strandkleiv (2 c) vert bygt fullt ut.*

*Ein ventar med etappe Strandkleiv (2 b) til fortausløysing og gravrøys/spunting er avklart.*

	Estimert kostnad med usikkerhet
Veg	16.493.000,-
Vann og avløp	20.108.000,-
Totalt	36.601.000,-

*Totalsummen er inkludert grunnkjøp.*

*Finansiering i tråd med finansieringsplanen i sak 056/19, prosjektnr. 6154*

Den 26.08.19 vart det fremma ei sak 112/19 for formannskapet som gikk vidare som sak 050/19 til kommunestyret den 25.09.19. Saka hadde tittel: *Budsjettendring investeringsbudsjett 2019 - teknisk*. I saka låg det eit vedlegg, budsjettkjema 2B etter budsjettendring frå teknisk i august. Prosjektet vart ikkje nemnt i saksutgreiinga.

**Utdrag frå vedlegget**

Budsjettkjema 2B - rådmannen sitt forslag	Vedteke Investeringsbudsjett 2019	Budsjettendring August 2019	Nytt budsjett 2019
Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	33 792 000		33 792 000

Kjelde: Vedlegg til K-sak 050/19

**Budsjettår 2020**

I budsjettet for 2020 hadde rådmannen ikkje lagt inn midlar i åra framover. Prosjektet er også lite omtalt i saksutgreiinga og budsjett dokumenta.

**Utdrag frå budsjettkjema 2B**

Linjenavn	Prosjekt	Budsjettkjema 2B	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Netto	6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	10 321	0	0	0	0

Kjelde: Årsbudsjett 2020

Den 28.11.19, parallelt med budsjettthandsaminga vart det fremma ei kommunestyresak 116/19 om dette prosjektet. I saka vart det vist ein bestilt gjennomgang av prosjektet for å vurdere investeringsbehovet, der ein særskilt skulle vurdere: *om prosjektet skal gjennomførast som eit reint VA-prosjekt eller komplett med fortau/gangveg*. Vidare stod det:

*Administrasjonen har kontakta tidlegare tilsett for historikk om alternativ trase. Alternativet med VA på nedsida av gardane vart aldri gjort realitet av, da ønske om gangveg fort vart dradd inn. Det er difor ikkje gjort noko førehandsarbeid med dette alternativet.*

*Det er derfor bare tatt utgangspunkt i at VA og gangveg går i same trase i prosjektets gang. Val av trase gjør at husstandane på nedsida ikkje får knytte seg til den nye avløpsledninga med mindre ein lagar eigen trase eller stikk med pumpestasjon.*

I saka vart det gitt ein kort historikk, og status i prosjekt vart framstilt slik:

*Etappe 0 – Langs Geilevika i vest: Ferdig, klar for påknyting til Etappe 2*

*Etappe 1 – Frå brannstasjonen i nord: Ferdig, klar til påknyting til Etappe 2*

*Etappe 2 – Knyt saman etappe 0 og 1: I prosjekteringsfasen, klart for utlysning i 2020*

- *Prosjektering er komne nesten i mål. Til no er det gjort:*
  - *Geotekniske vurderingar*
  - *Detaljprosjektering langs heile strekket*
  - *Mengdebeskriving for anbodskonkurranse*
- *Det arbeidast med endelig beskriving til anbodsteksten og treng mindre justeringar pga:*
  - *Det må kommes i mål med Vegvesenet om landbruksavkøyrsla*

- *Det manglar en avtale med utførelse på ein eigendom (vi har klart eit løysingsforslag)*
- *Grunnkjøp/skjønnet er i mål. Her har grunneigarane krav på dei pengane som er i avtalane. Kostnaden for dette er berekna til 2 millionar.*
- *Reguleringsplan er ok.*
- *Klart for utlysning og gjennomføring i 2020 dersom det er økonomiske midlar til gjennomføring.*

Vidare vart det lagt ved to rekneskapsoversyn som viste 12,788 mill kr i totale utgifter til no.

Saka presenterte 3 ulike alternativ, som var framstilt slik:

**Alternativ 1: Fullføre prosjektet som planlagt med gangveg og VA**

*Utførelse: 2020*

*Kostnad: 44 millionar*

<i>Bygge gangveg inkl. 10% usikkerheit</i>	<i>20 millionar</i>
<i>Bygge VA inkl. 25% usikkerheit</i>	<i>22 millionar</i>
<i>Grunnkjøp</i>	<i>2 millionar</i>

**Alternativ 2: Fullføreprosjektet som planlagt med berre VA**

*Utførelse: 2020*

*Kostnad: 28 millionar*

<i>Bygge VA inkl. 25% usikkerheit</i>	<i>22 millionar</i>
<i>Eventuelt skråningsarbeid (tidl. dekt av gangveg), 25% usikkerheit</i>	<i>4 millionar</i>
<i>Grunnkjøp</i>	<i>2 millionar</i>

**Alternativ 3: Endre prosjektet og legge VA i alternativ trase**

*Utførelse seint i 2020 eller i 2021*

*Kostnad: 40 millionar*

*Forslaget er ikkje prosjektert, det er difor umulig å gjere ein realistisk kostnadsbereking av prosjektet. Rådmannen kan legge til grunn ein løpemeter pris på VA-anlegg ut i frå historiske tal, men då med usikkerheit knytt til grunnforhold og andre ting som det ikkje er mulig å avdekke når det ikkje er gjort ei prosjektering, eller synfaring av området. Ein gir VA-traseen 30% usikkerheit, med 50% usikkerheit på prosjektering grunnavtale, stikk til eigedomane og fare for arkeologi.*

<i>Ny prosjektering inkl 50% usikkerheit</i>	<i>3 millionar</i>
<i>Bygge VA inkl. 30% usikkerheit</i>	<i>26 millionar</i>
<i>Pumpestasjon for avløp inkl. 50% usikkerheit</i>	<i>1.5 millionar</i>
<i>Grunnkjøp langs eksisterande trase</i>	<i>2 millionar</i>
<i>Grunnavtalar langs ny trase, avhengig av dialog med eigalar</i>	<i>100 000 - 500 000</i>
<i>Stikk til eigedomane langs vegen inkl. 50% usikkerheit</i>	<i>3 millionar</i>
<i>Arkeologi 100% usikkerheit om ein finn noko her</i>	<i>1 million</i>

*Har da også tatt med stor leidning for overvatn. Mogleg ein kan vurdere ei anna løysing for det når ein er på nedsida av vegen. Dette må avklarast i prosjekteringa*

I saksutgreiinga låg det også ved ein grafisk illustrasjon vedkomande tankar om trase.

Til slutt i saka går det fram at:

*Administrasjonen meiner prosjektet har kome så langt at avgjersla bør vente til prosjektet har vore ute på anbod. Ein kan lyse ut prosjektet med etterhald om økonomi, og med gangvegen som obligatorisk opsjon, som då gir moglegheita for å ta dette ut dersom ein ikkje har midlar til dette. Dersom det er eit ønskje å nokon gang bygge gangvegen, blir den aldri like billig som no.*

Vidare at:

*Det kommenterast også frå administrasjonen at ei vurdering av val burde ha vore betre dokumentert på eit tidlegare stadie i prosjektet. I den nye prosjektløypa som det arbeidast med i dag, hadde truleg prosjektet hatt eit forprosjekt for å utgreie dei moglege traseane.*

Avslutningsvis stod det:

*Med tanke på kor langt prosjektet har koment, så tilrår ein å velje alternativ 1 med utlysing av konkurranse med etterhald. Ein blir då klar på reelle kostnadar og kan ta ei beslutning frå det.*

Det vart fatta eit slikt vedtak i tråd med innstillinga:

1. *Giske kommunestyre vedtek at konkurransen for prosjektet blir gjennomført, og at den politiske vurderinga for gjennomføring vert tatt når reelle kostnader ligg føre.*
2. *Tilbodskonkurransen gjennomførast med etterhald om budsjettet håndsamling, og gangvegen blir ein opsjon i konkurransen slik VA-prosjektet kan gjennomførast som eigen del.*

## 2.2 OKSNES

Prosjektet 6006: *Tekniske anlegg Oksnes* har to arkivmapper referert til som arkivsak 14/1101 og arkivsak 15/1317 i sakshandsamingssystemet, og vedkjem respektivt etappe 1 og etappe 2. I begge mappene ligg det hovudsakleg inngåande og utgående kommunikasjon, samt ei sak 034/18 fremma for komité for miljø og tekniske vedkomande klage på vedtak om førehandsgodkjenning av refusjonskrav.

Ingeniør avløp har vore prosjektleiar for dette prosjektet.

Frå tidleg 2014 og fram til midten av 2015 arbeidde Provar AS med dette prosjektet. Då overtok Norconsult AS dette firmaet, og hadde etter dette oppfølginga av prosjektet. Dette prosjektet må ein sjå i samanheng med prosjektet overføring Blomvik – Oksnes som bli omtalt i neste kapitel. Begge prosjekta er no avslutta.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i februar 2014 og fram til no:

**Nettoutgifter til prosjektet fra 2014 til 2019**

2014	2015	2016	2017	2018	2019	<b>Sum</b>
440 108	6 169 332	10 768 010	7 056 827	881 518	659 110	<b>25 974 904</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Samla er det nytta 25,974 mill kr til no i dette prosjektet.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Norconsult AS (Provar AS)	842 000
Aco Anlegg AS	16 111 020
Grunnkjøp	7 532 182
Statens Kartverk	187 357
Gebyr (Giske kommune)	386 445
Mørenett AS	397 800
Diverse	149 246
Lønn	368 855
	<b>25 974 905</b>

Vi har henta ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet.

**Ophavleg budsjett fra 2014 til 2019**

2014	2015	2016	2017	2018	2019
1 300 000	16 600 000	8 930 250	-3 000 000	0	0

Kjelde: Rekneskapssystemet

Justert budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

**Justert budsjett fra 2014 til 2019**

2014	2015	2016	2017	2018	2019
1 300 000	10 000 000	12 761 575	-3 000 000	0	660 000

Kjelde: Rekneskapssystemet

Av tabellane: *Nettoutgifter til prosjektet fra 2014 til 2019* og *Justert budsjett fra 2014 til 2019*, går det fram at ein ikkje hadde budsjettdekning for 2017 og 2018.

**Budsjettår 2014**

I budsjettet for 2014 vart det lagt inn 1,3 mill kr.

**Utdrag frå budsjettskjema 2B**

	REKNESKAP	BUDSJETT	BUDSJETT	ØKONOMI-
	OPPRINN.	KORRIGERT	PLAN	
				BUDSJETT
			(01.01.2013)	(15.10.2013) (FRAMLEGG)
PROSJEKT	TAL I 1.000 KR	.2012	.2013	.2013 .2014
Prosjekt: 6006 VEG 9 OKSNES				
Utgifter	0	100	100	1 400
Inntekter	0	0	0	-100
Sum prosjekt: 6006 VEG 9 OKSNES	0	100	100	1 300

Kjelde: Årsbudsjett 2014

**Budsjettår 2015**

I budsjettet for 2015 hadde rådmannen lagt in 0,8 mill kr på dette prosjektet.

I tillegg hadde rådmannen lagt inn følgande:

### Utdrag frå budsjettkjema 2B

Prosjekt	Beskrivelse		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	HOVEDUTBYGGING VASSFORSYNING	Utgift Netto	0 0	3 200 000 3 200 000	600 000 600 000	600 000 600 000	0
	HOVEDUTBYGGING AVLØP	Utgift Netto	0 0	11 350 000 11 350 000	4 350 000 4 350 000	9 200 000 9 200 000	0
6382	PUMPESTASJONAR OPPGRAFERING	Utgift Netto	0 0	5 500 000 5 500 000	1 500 000 1 500 000	1 500 000 1 500 000	0

Kjelde: Årsbudsjett 2015

Det vart samrøystes vedteke at:

*Etter gjennomgang av prosjekt i 2014 i kommunestyret 27.11.14 er det teke ein ny gjennomgang av kva prosjekt som er oppstarta og kva som er forventa at det er kapasitet til å gjennomføre i 2015. Justeringane gjer at rådmannen sitt forslag til investeringar og formannskapet si innstilling har vorte endra. Det er berre justert mellom prosjekt slik at dei totale investeringane og samla låneopptak ikkje vert råka av endringane og det får heller ikkje driftsmessige konsekvensar. Justeringane som er tekne er:*

*Det er lagt inn nye nettoinvesteringar på desse prosjekta:*

Prosjektnr	2015	2016	2017
------------	------	------	------

(...)

6006 Tekniske anl. Oksnes utover oppført	16 600 000	- 3 000 000
--	------------	-------------

*Prosjekt hovudutbygging vassforsyning og hovudutbygging avløp samt prosjektnummer 6382 pumpestasjonar er endra tilsvarende desse prosjekta. Sjå vedlagde budsjettkjema 2A og B.*

Gjennomgangen som det vart vist til i dette vedtaket, var ei orientering frå teknisk sjef i forkant av kommunestyremøtet, der det vart gjort ein gjennomgang og drøfting med omsyn til status i dei ulike prosjekta innan vatn og avløp i dei ulike bygdelaga.

I ei administrativ budsjettendring av 28.02.15 vart 0,860 mill kr i unytta løyingar frå 2014 overført til budsjettet for 2015.

Den 08.06.15 vart det fremma ei sak om budsjettjustering innan VA for formannskapet i sak 059/15, som gikk vidare til kommunestyret som sak 036/15 den 18.06.2015. I saka stod det:

*Prosjekt 6006 Tekniske anlegg Oksnes. Byggetrinn 1 er under arbeid. Grunnkjøp for byggtrinn 2 vert å avgjere ved skjøn (ev. oreigning) Saka er oppstarta og det er venta tiltrede til grunn til ferien. Anbod trinn 2 sendast ut på anbod nå. Utbygginga har totalt sett gått seinare en forutsett. 5,46 mill. overførast til 2016. 2 mill. overførast til prosjekt 6007.*

### Utdrag frå vedlegget

	BUDSJETTENDRING KAPITAL 2015	Buds(end)	Endring	Endra bud.	Regnskap	%-	Regnskap
Utskr.	03.06.2015 10:22	2015	2015	2015	28/4 -15	forbr.	2014
	Sum.prosjekt: 6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNE	17 460 000	-7 460 000	10 000 000	417 455	2	440 108

Kjelde: Vedlegg til K-sak 036/15

## Budsjettår 2016

I budsjettet for 2016 vart det lagt inn 8 930 250 kr for 2016 og ei inntekt på 3 000 000 kr for 2017. I budsjettdokumenta var det ingen omtale av investeringsprosjekta innan VA.

### Utdrag frå budsjettskjema 2B

			Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Inntekt	6006	TEKNISKE ANLEGG OKSNES	0	-3 000 000	0	0
Utgift			8 930 250	0	0	0
Netto			8 930 250	-3 000 000	0	0

Kjelde: Årsbudsjett 2016

Den 06.06.16 vart det fremma ei sak 073/16 for formannskapet som gikk vidare som sak 043/16 til kommunestyret den 16.06.16. Saka hadde tittel: *Investeringsbudsjett 2016 – Overføring av ubrukte løyvingar frå 2015*. I saka låg det to vedlegg, budsjettskjema 2A og 2B etter endring. Under saksutgreiing stod det:

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett-/rekneskap for 2015 er det overført følgjande ubrukte løyvingar til investeringsbudsjett 2016:*

*Overført til 2016*

(...)

6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES 3 831 325

(..)

*Dette gjeld restsummar som skal gå til ferdigstilling av arbeid starta i tidlegare år.*

Det var ingen omtale av investeringsprosjekta som vart flytta.

### Utdrag frå vedlegget

		Nytt budsjett 2016	Opprinnelige Budsjett 2016
Prosjekt:	6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES		
Utgifter		13 367 181	8 930 250
Inntekter		-605 606	-
	Sum prosjekt: 6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	12 761 575	8 930 250

Kjelde: Vedlegg til K-sak 043/16

## Budsjettår 2017

I budsjettet for 2017 vart det lagt inn ei inntekt på 3 000 000 kr for 2017. I den same tabellen vart det satt opp at budsjettet for året før 2016 var 8 930 000 kr. Det var med andre ord ikkje korrigert for overføring frå 2015 til 2016.

### Utdrag frå budsjettskjema 2B

		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Inntekt	6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	0	0	0	0	0
Utgift	6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	0	-3 000	0	0	0
Netto	6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	8 930	0	0	0	0

Kjelde: Årsbudsjett 2017

I sak om overføringa av ubrukte løyvingar frå 2016 vart det ikkje gjort nokre endringar og vedlegget stadfestar at ein budsjetterer med ei inntekt på 3 000 000 kr for 2017.

### Budsjettår 2018

I budsjettet for 2018 vart det ikkje lagt inn ei løyving til dette prosjektet. Det var heller ikkje gjort endringar i saka om overføring frå 2017 til 2018.

### Budsjettår 2019

I budsjettet for 2019 vart det ikkje lagt inn ei løyving til dette prosjektet. I ei kommunestyresak 050/19 den 25.09.19 om budsjettendring for 2019 for teknisk, vart det lagt inn 660 000 kr i budsjettet. Det stod følgjande:

*Gjennomført grunnkjøp. Budsjettert men ikkje overført til 2019 då grunnkjøpet vart gjort.*

### 2.3 BLOMVIK - OKSNESTØLEN

Prosjektet 6307: *Overføring Blomvik – Oksnes* har ei eiga arkivmappe *Blomvika – pumpestasjon og leidningsanlegg* med sakid 17/125, der dokumenta til prosjektet blir arkivert. Det siste dokumentet vart arkivert 02.07.19 og vedkjem grunnkjøpsavtalane. I arkivmappa ligg også ein tilbodsprotokoll av 30.10.17, der det mellom anna går fram at Giske kommune er byggherre og Norconsult AS er oppdragsleiar. Det ligg også ei kontrakt mellom Giske kommune og Xylem Water Solution AS som vedkjem kjøp av ein kloakkpumpestasjon.

Ingeniør avløp var prosjektleiar for dette prosjektet.

Frå våren 2017 og ut året arbeidde Norconsult AS med prosjektering og anbod på dette prosjektet. Dette er eit no avslutta prosjekt.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i mai 2017 og fram til no:

#### Nettoutgifter til prosjektet frå 2017 til 2019

2017	2018	2019	Sum
452 546	1 253 049	1 080 664	<b>2 786 259</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19

Samla er det nytta 2,786 mill kr til no i dette prosjektet.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Norconsult AS	161 278
Aco Anlegg AS	644 343
Xylem Water Solutions Norge AS	891 597
Gebyr (Giske kommune)	31 617
Statens Kartverk	31 620
Mørenett AS	7 853
Grunnkjøp	1 017 952
	<b>2 786 260</b>

Vi har også henta ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet. Opphavleg budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

**Opphavleg budsjett frå 2017 til 2019**

2017	2018	2019
5 350 000	0	0

*Kjelde: Rekneskapssystemet*

Justert budsjett er framstilt i følgjande tabell:

**Justert budsjett frå 2017 til 2019**

2017	2018	2019
5 350 000	3 000 000	1 300 000

*Kjelde: Rekneskapssystemet***Budsjettåra 2017-2019**

I budsjettet for 2017 vart det lag inn 5 350 000 kr, og i sak om overføring av ubrukte løyvingar frå 2016 til 2017 vart det ikkje gjort endringar. I budsjettet for 2018 vart det ikkje lagt inn noko, og i sak om overføring vart det lagt inn 3 000 000 kr. I budsjettet for 2019 vart det ikkje lagt inn noko, medan det i sak om budsjettendring vart lagt inn 1 300 000 kr. I saka stod det: *Restløyving frå 2018 som ikkje vart overført.*

Budsjettprosessen er kjenneteikna med ei stor løyving i opphavleg budsjett for 2017. Deretter følgjer på sett og vis budsjettet etter utgiftene. Det har vore budsjettdekning ved utgangen av året.

**2.4 GJERDEHAVNA**

Prosjektet 6343: *Leidningsanlegg v/ Gjerdehavna* har ei eiga arkivmappe *Gjerdehamna – Utbygging tekniske anlegg* med sakid 16-614, der dokumenta til prosjektet blir arkivert. I arkivmappa er det hovudsakleg inngåande og utgåande dokument. Det ligg ein politisk sak 052/17 fremma for komité for miljø og tekniske saker den 21.09.17 052. I saka vart det gitt ei orientering om prosjektet, der det var informert om at ein ikkje ville klare å gjennomføre prosjektet innafor gitte dei gitt tilgjengelege rammer, som då vart oppgitt å vere 8 009 000 kr. Det låg også eit utfylt avropsskjema vedkomande bruk av rammeavtale med Norconsult AS.

Norconsult AS begynte å arbeide med dette prosjektet i slutten av 2015. Anlegget er no utbygd, men prosjektet er ikkje å sjå på som avslutta. Det står att å undersøke om det er mogleg å få betalt attende delar av utgiftene knytt til arkeologi.

Det har vore tre prosjektleiarar for dette prosjektet frå 2015 og fram til i dag. Ingeniør avløp står i dag som prosjektleiar for dette prosjektet.

Frå våren 2017 og ut året arbeidde Norconsult AS med prosjektering og anbod på dette prosjektet. Dette er eit no avslutta prosjekt.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i desember 2015 og fram til no:

**Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019**

2015	2016	2017	2018	2019	<b>Sum</b>
27 144	210 449	3 001 174	9 314 177	184 059	<b>12 737 003</b>

*Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19*

Samla er det nytta 2,786 mill kr til no i dette prosjektet.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Norconsult AS	811 401
Hole Maskiner AS	6 302 843
Mørenett AS	399 147
Xylem Water Solutions Norge AS	1 727 969
Møre og Romsdal fylkeskommune	505 045
Universitetet i Bergen	2 700 000
Grunnkjøp	116 734
Gebyr (Giske kommune)	66 550
Statens Kartverk	7 067
Diverse	100 247
	<b>12 737 004</b>

Vi har også henta ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet. Opphavleg budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

#### Opphavleg budsjett frå 2015 til 2019

2015	2016	2017	2018	2019
0	2 700 000	5 600 000	0	0

Kjelde: Rekneskapssystemet

Justert budsjett er framstilt i følgjande tabell:

#### Justert budsjett frå 2015 til 2019

2015	2016	2017	2018	2019
0	2 700 000	8 089 551	5 088 000	0

Kjelde: Rekneskapssystemet

Av tabellane: *Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019* og *Justert budsjett frå 2015 til 2019*, går det fram at ein ikkje hadde budsjettdekning for 2018.

#### Budsjettåra 2015-2019

Vi har gått gjennom dei politiske sakene for dette prosjektet. I budsjettet for 2015 vart det ikkje lagt inn midlar til dette prosjektet. I budsjettet for 2016 vart det lagt inn 2,7 mill kr for 2016 og 0,3 mill kr for 2017 og ingenting for 2018 og 2019. I budsjettet for 2017 vart det lagt inn 5,600 mill kr og ingenting for åra etter. I sak om overføring frå 2016 til 2017 vart det lagt til 2 489 551 kr. I budsjettet for 2018 vart det ikkje lagt inn noko til dette prosjektet. I sak om overføring vart det lagt til 5,088 mill kr. I budsjettet for 2019 vart et heller ikkje lagt inn noko. Ei heller vart det løyvd noko i saka om budsjettendringar.

Av tabellane: *Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019* og *Justert budsjett frå 2015 til 2019*, går det fram at ein ikkje hadde budsjettdekning for 2015, 2019 og 2018. Når det gjeld dei to førstnemnde så var det mindre beløp, medan det for sistnemnde nok utgjer ei vesentleg budsjettoverskridning.

#### 2.5 ALNES

Dei to prosjekta 6370: *Slamavskillar/utslepp Alnes* og 6371: *Leidningsanlegg/pumpestasjon Alnes*, har vi samla under same overskrift. Prosjekta har ei felles arkivmappe med referanse 14/589. Dei første dokumenta i arkivmappa vedkjem eit varsel om prosjektering av VA-anlegg på Alnes datert 31.03.14.

Deretter vart det ikkje arkivert noko før 04.01.17, då ein registrerte inn eit ukast til teknisk plan av april 2016. Vidare ligg det i mappa ein tilbodsprotokoll av 17.02.17 og eit brev av 21.02.17 vedkomande ei orientering om at Giske kommune har til hensikt å inngå ei kontrakt med ACO Anlegg AS. Det ligg også ei kontrakt med Xylem vedkomande pumpestasjonar som var arkivert 14.09.17, og ei kontrakt med Hole Maskiner AS arkivert 20.09.17. Det er ikkje registrert saker i denne arkivmappa.

Ingeniør avløp var prosjektleiar for dette prosjektet.

Norconsult AS (Provar AS) starta arbeidde med dette prosjektet våren 2014. Dette er eit no avslutta prosjekt.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i april 2014 og fram til no:

#### **Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019**

2014	2015	2016	2017	2018	<b>Sum</b>
0	287 340	0	4 521 026	-1 196 010	<b>3 612 356</b>
28 027	199 674	19 200	6 688 339	1 325 752	<b>8 260 992</b>
<b>28 027</b>	<b>487 014</b>	<b>19 200</b>	<b>11 209 365</b>	<b>129 742</b>	<b>11 873 348</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19

Samla er det nytta 11,873 mill kr til dette prosjektet. Den første rada i tabellen er prosjekt 6370. Den andre rada er prosjekt 6371, medan den siste er summen av desse to prosjekta.

Når det gjeld 2018 skjer det ei ompostering frå 6370 til 6371 på ei rekning på 1 481 628,71 som vart ført feil året før. Det blir i 2018 også inntektsført ein refusjon frå Alnes vassverk på 382 149 kr.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik (til venstre er prosjekt 6370 og til høgre er prosjekt 6371):

Norconsult AS	81 525	Norconsult AS	543 045
Hole Maskiner AS	3 068 580	Aco Anlegg AS	6 194 881
Cowi AS	380 757	Cowi AS	4 000
Juridisk bistand	22 500	Xylem Water Solutions Norge AS	1 680 720
Gebyr (Giske kommune)	17 320	BKK Enotek AS	162 185
Gebyr (Miljødirektoratet)	26 900	Gebyr (Giske kommune)	19 610
Diverse	14 774	Diverse	38 700
	<b>3 612 356</b>	Alnes Vassverk	-382 149
			<b>8 260 992</b>

Vi har også henta ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet. Opphavleg budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

#### **Opphavleg budsjett frå 2014 til 2018**

2014	2015	2016	2017	2018
1 650 000	0	3 000 000	0	0
0	1 000 000	3 000 000	2 000 000	0
<b>1 650 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>6 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Følgjande tabell framstiller justert budsjett slik det låg føre ved utgangen av budsjettåret:

**Justeret budsjett frå 2014 til 2018**

2014	2015	2016	2017	2018
1 650 000 0	300 000 822 000	3 000 000 3 622 326	3 000 000 5 603 126	0 0
<b>1 650 000</b>	<b>1 122 000</b>	<b>6 622 326</b>	<b>8 603 126</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Av tabellane: *Nettoutgifter til prosjektet frå 2014 til 2018* og *Justeret budsjett frå 2014 til 2018*, går det fram at ein ikkje hadde budsjettdekning for 2017.

**Budsjettåra 2014-2018**

I budsjettet for 2014 lagt inn 1 650 000 kr på prosjekt 6370: *Slamavskillar/utslepp Alnes*.

I budsjettet for 2015 hadde ikkje rådmannen lagt inn noko til desse to prosjekta. I budsjettvedtaket vart det lagt til midlar til prosjekt 6371. Det stod:

(...)

*Det er lagt inn nye nettoinvesteringar på desse prosjekta:*

Prosjektnr	2015	2016	2017
------------	------	------	------

(...)

6371 Leidningsanlegg/pumpestasjon Alnes	1 000 000	4 000 000
---	-----------	-----------

(...)

I ei administrativ budsjettendring av 28.02.15 vart 0,3 mill kr i unytta løyvingar frå 2014 overført til budsjettet for 2015 for 6370: *Slamavskillar/utslepp Alnes* og 1,322 mill kr for 6371:

*Leidningsanlegg/pumpestasjon Alnes*

Den 08.06.15 vart det fremma ei sak om budsjettjustering innan VA for formannskapet i sak 059/15, som gikk vidare til kommunestyret som sak 036/15 den 18.06.2015. I saka stod det:

*Prosjekt 6370 Slamavskillar/utslepp Alnes. Kartlegging av botnforholda ferdig. Prosjektering pågår. Sjåast i samanheng med prosjekt 6371*

*Prosjekt 6371 Leidningsanlegg/pumpestasjon Alnes. Prosjektering pågår. Kan kome i gang seinst på året. 1,5 mill overførast til 2016.*

**Utdrag frå vedlegget**

BUDSJETTENDRING KAPITAL 2015		Buds(end)	Endring	Endra bud.	Regnskap	%-forbr.	Regnskap
Utskr.	03.06.2015 10:22	2015	2015	2015	28/4 -15	2014	
	Sum.prosjekt: 6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES	2 322 000	-1 500 000	822 000	57 867	2	28 027

Kjelde: Vedlegg til K-sak 036/15

I tabellen vart det lagt inn 2,322 mill kr til prosjekt 6371 som gjeldande budsjett før denne budsjettjusteringa i K-sak 036/15. Det vart lagt inn 0,300 mill kr i justert budsjett for prosjekt 6370.

I budsjettet for 2016 vart det lagt inn 3 mill kr på begge prosjekta. I overføringssaka av unytta løyvingar frå 2015 stod det:

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett-/rekneskap for 2015 er det overført følgjande ubrukte løyvingar til investeringsbudsjett 2016:*

*Overført til 2016*

(...)

6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES 622 326

(...)

*Dette gjeld restsummar som skal gå til ferdigstilling av arbeid starta i tidlegare år.*

Det var ingen omtale av investeringsprosjekta som vart flytta.

I budsjettet for 2017 vart det lagt inn 2 mill kr på prosjekt 6371. I kommunestyresak 031/17 om overføring av unyttaløyingar frå 2016 stod det følgjande under saksutgreiing:

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett- /rekneskap for 2016 er det overført følgjande ubrukta løyingar til investeringsbudsjett 2017:**Overført til 2017*

(...)

Sum prosjekt: 6343 LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA 2 489 551

Sum prosjekt: 6370 SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES 3 000 000

Sum prosjekt: 6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES 3 603 126

**Sum 28 762 451****Utdrag frå vedlegget**

	Nytt budsjett 2017	Opprinnelig Budsjett 2017
Prosjekt: 6370 SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES		
Utgifter	3 000 000	-
Sum prosjekt: 6370 SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES	3 000 000	-
Prosjekt: 6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES		
Utgifter	5 603 126	2 000 000
Sum prosjekt: 6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES	5 603 126	2 000 000

*Kjelde: Vedlegg til K-sak 031/17*

I budsjettet for 2018 vart det ikkje lagt inn midlar til desse to prosjekta.

**2.6 KRINGKASTAR**

Dei to prosjekta 6325: *Slamavskillar/utslepp Kringkastar* og 6325: *Overføring Synnes BF – Kringkastar*, har vi samla under same overskrift. Prosjekta har ei felles arkivmappe: *Overføringsleidning spillvatn Synnes byggefelt – Vigra kringkastar* med referanse 17/626. I arkivmappa er det arkivert ein del dokument knytt til anbod, m.a. protokollar for både pumpestasjonar og leidningsanlegg. Det er ikkje registrert saker.

Ingeniør avløp var prosjektleiar for dette prosjektet.

Norconsult AS (Provar AS) starta arbeidet med dette prosjektet i midten av 2017. Prosjektet er i all hovudsak ferdig og sluttbefaring er gjennomført.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå første bokføring i april 2017 og fram til no:

#### **Nettoutgifter til prosjektet frå 2015 til 2019**

2016	2017	2018	2019	Sum
0	139 145	2 069 658	425 471	<b>2 634 274</b>
0	205 273	3 293 086	884 961	<b>4 383 320</b>
<b>0</b>	<b>346 435</b>	<b>5 364 762</b>	<b>1 312 451</b>	<b>7 017 594</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19

Samla er det nytta 7,018 mill kr til dette prosjektet. Den første rada i tabellen er prosjektnummer 6325. Den andre rada er prosjektnummer 6326, medan den siste er summen av desse to prosjektnummera.

Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik (til venstre er prosjekt 6325 og til høgre er prosjekt 6326):

Norconsult AS	176 855	Norconsult AS	260 659
Aco Anlegg AS	2 395 291	Aco Anlegg AS	2 321 493
Gebyr (Giske kommune)	15 770	Xylem Water Solutions Norge AS	1 625 114
Møre og Romsdal fylkeskommune	46 357	Gebyr (Giske kommune)	15 770
	<b>2 634 273</b>	Møre og Romsdal fylkeskommune	46 357
		Kjøp av vegrett	32 000
		Diverse	81 927
			<b>4 383 320</b>

Opphavleg budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

#### **Opphavleg budsjett frå 2014 til 2017**

2016	2017	2018	2019
200 000	3 400 000	0	0
0	3 000 000	0	0
<b>200 000</b>	<b>6 400 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Følgjande tabell framstiller justert budsjett slik det låg føre ved utgangen av budsjettåret:

#### **Justert budsjett frå 2014 til 2017**

2016	2017	2018	2019
200 000	3 400 000	3 260 000	500 000
0	3 000 000	2 794 000	1 000 000
<b>200 000</b>	<b>6 400 000</b>	<b>6 054 000</b>	<b>1 500 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I budsjettet for 2016 vart det lagt inn 0,2 mill kr for 2016 og 3,4 mill kr for 2017 på prosjekt 6525. I budsjettet for 2017 vart det lagt inn 3,4 mill kr på prosjekt 6325 og 3,0 mill kr på 6326, og i overføringssaka vart det ikkje overført noko frå 2016. I budsjettet for 2018 vart det ikkje lagt inn noko på prosjekta. I overføringssaka vart det overført unyttta midlar frå 2017. Det stod:

*Etter ein gjennomgang av investeringsbudsjett-/rekneskap for 2016 er det overført følgjande ubrukte løvningar til investeringsbudsjett 2018:*

*Alle tal i heile 1 000*

*Overført til 2017*

*(...)*

<i>Sum prosjekt: 6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR</i>	<b>3 260</b>
<i>Sum prosjekt: 6326 OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR</i>	<b>2 794</b>
<i>(...)</i>	
<b><i>Sum Investering</i></b>	<b><i>47 889</i></b>

*Dette gjeld restsummar som skal gå til ferdigstilling av arbeid starta i tidlegare år.*

#### Utdrag frå vedlegget

	Nytt budsjett 2018	Opprinnelig Budsjett 2018
Prosjekt:	6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	
Utgifter	3 260	-
<b>Sum prosjekt: 6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR</b>	<b>3 260</b>	-
Prosjekt:	6326 OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR	
Utgifter	2 794	-
<b>Sum prosjekt: 6326 OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR</b>	<b>2 794</b>	-

*Kjelde: Vedlegg til K-sak 027/18*

I budsjettet for 2019 vart det ikkje lagt inn noko. Overføringsaka vedkomande unytta løyingar frå 2018 vart fremma som sak 056/19 for formannskapet den 03.04.19, før den gikk vidare til kommunestyret dagen etter den 04.04.19 som sak 024/19. Denne saka bar preg av at fylkesmannen hadde bedt kommunen om å gå gjennom budsjettet på nytt og kva ein skulle gjere i høve til prosjektet *Geilevika – Teppemyra* som hadde ein vegdel som kommunen no ikkje fikk lånefinansiere. I saka går det fram av vedlegg 1 at kommunen hadde i alt 55,186 mill kr i unytta løyingar til investeringar i 2018. Vedlegget hadde tittel: *Oversikt over prosjekt som ikkje er starta, eller har restmidlar til overføring frå 2018*, og vi framstiller her eit utdrag:

#### Utdrag frå vedlegg 1:

Oversikt prosjekt ikkje ferdigstilt/påbegynt i 2018	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)
(...)			
Sum prosjekt: 6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	2 069 658	3 260 000	-1 190 342
(...)			
<b>Sum prosjekt investeringsutgifter</b>	<b>18 903 592</b>	<b>74 090 000</b>	<b>-55 186 409</b>

*Kjelde: Vedlegg til K-sak 024/19*

I denne saka vart det ikkje overført midlar til dei to prosjekta 6325 og 6326.

Den 26.08.19 vart det fremma ei sak 112/19 for formannskapet som gikk vidare som sak 050/19 til kommunestyret den 25.09.19. Saka hadde tittel: *Budsjettendring investeringsbudsjett 2019 - teknisk*. I saksutgreiinga går det fram av ein tabell, at når det gjeld prosjekt 6325 så var 500 000 kr:

*Gjennomført- Budsjettet i 2018 men pengane vart ikkje overført til 2019*

I saka låg det eit vedlegg med tittel: *2019 Budsjettkjema 2B etter budsjettendring frå Teknisk i August*, og vi framstiller her eit utdrag:

## Utdrag frå vedlegget

Budsjettkjema 2B - rådmannen sitt forslag	Vedteke Investeringsbudsjett 2019	Budsjettendring August 2019	Nytt budsjett 2019
Sum prosjekt: 6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR		500 000	500 000
Sum prosjekt: 6326 OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR		1 000 000	1 000 000

Kjelde: Vedlegg til K-sak 050/19

Desse to prosjekta med fleire vart finansiert ved å setje to andre prosjekt på vent.

## 2.7 RAMMEBUDSJETT

Dei tre prosjekta 6383: *Fornying leidningsanlegg*, 6381: *Mindre leidningsanlegg* og 6201: *Mindre veganlegg* har vi samla under eit eige kapittel som vi har kalla rammebudsjett. Det er ikkje oppretta eigne saksmapper for desse. Under desse prosjekta finn ein mindre diverse utgifter, men i all hovudsak har utgiftene blitt nytta konkrete prosjekt av mindre omfang.

Prosjektleiar for desse prosjekta blir lagt til ein ingeniør frå vatn, avløp eller veg avhengig av kva som er hovudleveransen til desse prosjekta.

Vi har gjort ein grundig gjennomgang av rekneskapen for desse tre rammebudsjetta. Vårt inntrykk er at midlane i all hovudsak blir nytta til mindre men tydeleg definerte prosjekt. Grensegangen mellom kva som er eit konkret løyvd prosjekt og kva som blir finansiert ved ei rammeløyving er ikkje tydeleg. Der er døme på at eit konkret prosjekt i ein periode har bunde opp heile rammer. Vi skal kort ramse opp nokre stikkord i høve til kva desse rammene er blitt nytta til. 6383: *Fornying leidningsanlegg*: Omlegging spillvassledning Blindheim på Vigra, Simabakken og Sperravegen. 6381: *Mindre leidningsanlegg*: Driftveg Molnes, Brannvann Vigra, Trollhaugen og Fokus Skjong Bustadfelt. 6201: *Mindre veganlegg*: Bussholdeplass ved Giske bedehus, Busslomme og gangveg ved Nordstrand, Utførte arbeider i.h.t. avtale for veg og gatelys for veg SVK-1 Giskeremen.

Vi har henta ut rekneskapen for desse prosjekta frå rekneskapssystemet, og framstilt dei samla nettoutgiftene frå 2015 og fram til no:

### Utgifter med rammebudsjett frå 2015 til 2019

2015	2016	2017	2018	2019	Sum
1 555 103	4 555 456	971 636	4 809 578	331 991	<b>12 223 764</b>
628 235	1 385 619	2 469 703	674 603	0	<b>5 158 160</b>
151 545	686 449	-127 609	991 978	407 003	<b>2 109 366</b>
<b>2 334 883</b>	<b>6 627 524</b>	<b>3 313 730</b>	<b>6 476 159</b>	<b>738 994</b>	<b>19 491 290</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet per 08.10.19

Samla er det nytta 19,491 mill kr til desse tre rammebudsjettområda frå 2015 og til oktober 2019. Den første rada i tabellen er prosjektnummer 6383. Den andre rada er prosjektnummer 6381. Den tredje rada er prosjektnummer 6201, medan den siste er summen av desse tre prosjektnumera.

Innkjøpa til desse prosjekta var fordelt slik:

	Fornying	Mindre leidning	Mindre veg	<b>Sum</b>
Aco Anlegg AS	6 915 698	2 356 755	792 036	<b>10 064 489</b>
Furnes Anlegg og Transport AS	2 386 865	236 481		<b>2 623 346</b>
Norconsult AS	550 343	363 563	92 148	<b>1 006 054</b>
Rano Anlegg AS	512 044	175 648	144 054	<b>831 746</b>
Brødrene Dal AS	725 170	73 835	27 896	<b>826 901</b>
Møre Maskin AS	78 200	133 150	450 000	<b>661 350</b>
Gjøsund Maskinlag AS	10 454	552 823		<b>563 277</b>
Norsk Boretteknikk AS		494 000		<b>494 000</b>
Giske Anlegg AS	163 820	93 582	145 118	<b>402 520</b>
Lindset Entreprenør AS			324 195	<b>324 195</b>
Opsahug Sandtak AS	49 987	266 104		<b>316 091</b>
Longva Maskin AS		202 625		<b>202 625</b>
Volvo	123 758			<b>123 758</b>
Diverse	361 813	209 594	335 348	<b>906 755</b>
Lønn	322 295			<b>322 295</b>
Gebyr (Giske kommune)	23 320		118 572	<b>141 892</b>
Tilfeldig oppdrag			-20 000	<b>-20 000</b>
Tilskot 2016 - SVV			-300 000	<b>-300 000</b>
	<b>12 223 767</b>	<b>5 158 160</b>	<b>2 109 367</b>	<b>19 491 294</b>

Vi har også hentet ut budsjettet slik det er lagt inn i rekneskapssystemet. Opphavleg budsjett har vi framstilt i følgjande tabell:

#### Opphavleg budsjett fra 2015 til 2017

2015	2016	2017	2018	2019
600 000	800 000	800 000	800 000	800 000
2 000 000	2 500 000	2 500 000	5 000 000	5 000 000
190 000	350 000	350 000	350 000	0
<b>2 790 000</b>	<b>3 650 000</b>	<b>3 650 000</b>	<b>6 150 000</b>	<b>5 800 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Følgjande tabell framstiller justert budsjett slik det låg føre ved utgangen av budsjettåret:

#### Justert budsjett fra 2015 til 2017

2015	2016	2017	2018	2019
800 000	972 349	800 000	800 000	1 100 000
3 452 000	4 396 897	2 500 000	6 527 000	6 718 000
272 131	471 111	350 000	827 000	1 060 000
<b>4 524 131</b>	<b>5 840 357</b>	<b>3 650 000</b>	<b>8 154 000</b>	<b>8 878 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Vi ser av tabellen vedkomande opphavleg budsjett at kommunen dei seinare åra innarbeidd faste rammer for desse prosjekta med rammebudsjett. Dei faste rammene har vore 0,800 mill kr, 2,5 mill kr og 0,350 mill kr for respektivt 6383: Fornying leidningsanlegg, 6381: Mindre leidningsanlegg og 6201: Mindre veganlegg.

I 2019 vart det ikkje lagt inn noko på 6201: Mindre veganlegg. I saka om overføring av unyttta midlar frå 2018 vart det overført 1,718 mill kr for 6383: Fornying leidningsanlegg.

I budsjettendringssaka som vart lagt fram i august 2019, gikk det fram av ein tabell, at når det gjeld 6381: Mindre leidningsanlegg så var 300 000 kr: Tilkomst Molnes kloakkpumpestasjon. Kjem oss ikkje

*til stasjonen. Når det gjeld 6201: Mindre veganlegg så var 1 060 000 kr: Giske – asfaltering av därleg veg, Utbetre gangfelt ved Valderøy barneskule (gangfelt er feil konstruert), Oppfølging av kommunal avtale med grunneigar snuplassen på Molnes og Asfaltere /vedlikehalde kommunale vegar ved Skaret. Vi vil her framstille eit utdrag av vedlegget til saka:*

#### **Utdrag frå vedlegget**

Budsjettkjema 2B - rådmannen sitt forslag	Vedteke Investeringsbudsjett 2019	Budsjettendring August 2019	Nytt budsjett 2019
Sum prosjekt: 6201 MINDRE VEGANLEGG		1 060 000	1 060 000
Sum prosjekt: 6381 MINDRE LEIDNINGSANLEGG	800 000	300 000	1 100 000
Sum prosjekt: 6383 FORNYING LEIDNINGSANLEGG	6 718 000		6 718 000

*Kjelde: Vedlegg til K-sak 050/19*

### 3. PROBLEMSTILLING 1: INVESTERINGSBUDSJETT

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med framdriftsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kostnadsprognosar og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

#### 3.1 REVISJONSKRITERIER

Norsk Standard har gitt ut ein internasjonal standard *NS-ISO 21500:2012 Veiledning i prosjektleidelse* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektleiing. Standarden angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varighet.

Prosessane som det blir referert til, er grupperte i prosessgrupper og kunnskapsområder, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.

Vår inndeling av problemstillinga frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokre av standarden sine tilrådingar vil bli konkretisert.

Der ikkje anna er nemnt, er det krav frå ISO som ligg til grunn for krava vi lister opp under.

#### KOSTNADSOVERSLAG

Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og på kva måte dei skal bli nytta, jmf. kommunelova § 14-5 1. ledd. Vidare går det fram av § 14-4 3. ledd at årsbudsjettet skal vere realistisk. Det gjeld både drift og investering, slik at investeringsbudsjettet er eittårig.

**Kommunen bør utarbeide eit prosjektbudsjett som grunnlag for budsjettvedtaket.** Dei ulike investeringsprosjekta slik dei blir ført opp i årsbudsjett er ei konkretisering av ei løvying. Det å tilordne dei planlagde delar av prosjektarbeidet til eit tidsbasert budsjett, gir hjelpe til å måle framdrift og ansvarleggjere. Eit godt prosjektbudsjett bygg på prosjektplanar, ei god inndeling i delprosjekt og gode kostnadsoverslag. Det å utarbeide eit kostnadsoverslag inneber å kalkulere kostnadane som er involvert på ein forsvarleg måte. I dette ligg at det også blir lagt til reserver som skal handtere identifisert risiko. Ein må også ta omsyn til pengane sin tidsverdi.

#### OPPSTARTSFASEN

**Kommunen bør formalisere eit prosjektmandat,** der ein formelt godkjenner eit prosjekt, identifiserer prosjektleiarene og denne sitt ansvar og mynde. Vidare at ein i dette mandatet dokumentere behov, prosjektet sitt mål, leveransane og økonomiske aspekt ved prosjektet.

**Kommunen bør etablere ei prosjektgruppe.** Det inneber å skaffe dei personar som er nødvendige for å fullføre prosjektet. Når menneskelege ressursar ikkje er tilgjengeleg internt i organisasjonen, bør

ein vurdere å leige inn ekstra personar eller sette ut arbeid til ein annan organisasjon. Prosjektleiarene kan eller kan ikkje ha fullstendig styring med val av prosjektgruppa sine medlemmar, men prosjektlearen bør vere involvert i utveljinga av dei.

**Kommunen bør identifisere interessentar.** Ei interessentanalyse inneber å finne enkeltpersonar, grupper eller organisasjonar som blir påverka av eller som påverkar prosjektet, samt å dokumentere relevant informasjon om dette. Eit kommunalt investeringsprosjekt har grenseflater mot ulike statlege og regionale styresmakter, eigne tenesteytande og myndeutøvande einingar, samt ulike grupper av innbyggjarar og bedrifter.

## PLANLEGGING

Rådmannen bør sørge for at alle investeringsprosjekt har vore gjenstand for ei god planlegging. Dette er eit krav avleidd frå eit generelt krav om at rådmannen skal sørge for kommunen har ein god internkontroll, jmf kommunelova § 25-1.

ISO-standarden identifiserer kva som ligg i ei god planlegging av gjennomføring av eit investeringsprosjekt. Følgjande punkt er allment anerkjende prinsipp for ei god planlegging:

- *Definere omfang*, inneber å tydeleggjere kva prosjektet omfattar og kva nytte det vil gi innbyggjarane.
- *Utarbeide prosjektnedbrytingsstruktur*, inneber å dele og underinndeles prosjektarbeidet i mindre og meir handterlege deler, og kan til dømes vere strukturert i prosjektfasar, store leveransar, fag og plassering.
- *Definere aktiviteter*, inneber å identifisere, definere og dokumentere alle aktiviteter som bør vere i planen.
- *Kalkulere ressursar*, inneber å finne ut kva for ressursar ein treng for kvar aktivitet. Ressursar kan omfatte arbeidskraft, fasilitetar, utstyr, materiell, infrastruktur og verktøy.
- *Sette opp rekkefølge av aktiviteter*, inneber å identifisere og dokumentere dei logiske relasjonane mellom prosjektaktivitetane.
- *Kalkulere aktiviteter sin varighet*, inneber å angi den tid det tar å fullføre dei definerte aktivitetane i prosjektet. Kor lang tid ein aktivitet tar, avheng av tilgjengelige ressursar, relasjonen mellom aktiviteter, kapasitet, planleggingskalenderar, lærekurver og administrativ behandling.
- *Definere prosjektorganisasjon*, inneber å sikre nødvendige forpliktingar frå dei involverte. Relevante roller, ansvar og mynde, bør vere definert i samsvar med prosjektet sin eigenart og kompleksitet, og bør ta omsyn til eksisterande retningslinjer.

Kor omfattande ei planlegging må vere, avheng naturlegvis av kor omfattande og komplekst investeringsprosjektet er. Alle investeringsprosjekt bør likevel ha ein prosjektplan, ein framdriftsplan og ei risikoanalyse for å sikre ein trygg kontroll.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ein prosjektplan.** Prosjektplanen skal angi basislinjene for gjennomføring av prosjektet, til dømes i form av omfang, kvalitet, kostnader, ressursar og risikoar. Alle deler av prosjektplanen bør være konsistente og fullstendig integrerte.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ein framdriftsplan.** Framdriftsplanen skal angi start- og sluttid for prosjektet sine aktiviteter og fastlegge basislinja for prosjektet sin samla tidsplan. Aktivitetane skal tidfestast i ei logisk rekkefølge som identifiserer varigheter, milepælar og gjensidig avhengighet. Ein framdriftsplan gir hjelp til å evaluere faktisk framdrift. Utvikling av framdriftsplanen bør fortsette gjennom heile prosjektet etterkvart som arbeidet går framover, etterkvart som prosjektplanane blir endra, etterkvart som forventa risikohendingar oppstår eller forsvinn, og etterkvart som nye risikoar blir identifisert.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ei risikoanalyse.** Risikoanalysen skal identifisere og vurdere risikoar. Det å *identifisere risikoar*, er å systematisk kartleggje dei potensielle risikohendingar, som kan ha ein positiv eller negativ innverknad på prosjektet om dei oppstår. Dette er ein prosess som ein kan gjenta, då nye risikoar kan bli kjende, eller risikoar kan endre seg etterkvart som prosjektet utviklar seg. Risikoar med ein potensiell negativ innverknad blir omtalt som *truslar*, medan risikoar med ein potensiell positiv innverknad blir omtalt som *moglegheiter*. Det å *vurdere risikoar*, er å måle og prioritere risikoane for ytterligare tiltak. Denne prosessen inkluderer at ein for ei risikohending angir eit anslag på kor sannsynleg det er at den skjer og kva for konsekvens det vil gi. Risikoane vil då bli prioritert i samsvar med denne vurderinga ut frå omsyn til andre faktorar, som til dømes tidsramme. Risikovurdering er også ein gjentakande prosess.

**Alle investeringsprosjekt bør ha utarbeidd eit nytt prosjektbudsjett i planleggingsfasen.** Det å vedlikehalde realistiske budsjetter er viktig. Det er rimeleg å forvente ein større grad av presisjon i denne fasen enn i tidlegfasen før det har blitt fatta eit endeleg vedtak.

## OPPFØLGING

**Prosjektleiaren bør leie** dei planlagde prosjektaktivitetane og styre dei ulike tekniske, administrative og organisatoriske grensesnitta i prosjektet, med sikte på å fullføre prosjektet sine aktivitetar i samsvar med prosjektplanen. I dette ligg å sørge for å ha god informasjon om prosjektet, analysere informasjonen og gjere avgjersler. Ein del av dette er å innhente ekspertråd, nytte gode IT-baserte prosjektleiingssystem og gjennomføre møter.

**Prosjektleiaren bør styre endringar** i prosjektet og leveransane, samt å formalisere godkjenning eller avvising av desse endringane. Endringar bør bli styrt gjennom prosedyrar.

**Prosjektleiaren bør styre prosjektet sitt omfang.** Denne prosessen bør fokusere på å bestemme det nåverande prosjektomfanget, å samanlikne det nåverande omfanget med omfanget frå godkjent basislinje for å fastslå eventuelle avvik, føresjå omfanget og implementere eventuelle passande endringsforslag for å unngå at omfanget bli påverka negativt. Endringsstyring og omfangsstyring er to forskjellege prosesser.

**Prosjektleiaren bør styre ressursar.** I dette ligg det å sikre at ressursane til å gjennomføre prosjektarbeidet er tilgjengelege. Manglande tilgang på ressursar kan oppstå som følgje av uunngåelige omstende som feil på utstyret, veret, arbeidskonfliktar eller tekniske problem. Dette kan krevje omlegging av aktivitetar som fører til ei endring av ressurskrava for gjeldande eller påfølgande aktivitetar. Ein bør etablere prosedyrar for å identifisere slike manglar, som legg til rette for å omprioritere ressursane.

**Prosjektleieren bør handtere interessentar.** I dette ligg å gi riktig forståing av og merksemld til interessentane sine behov og forventningar. Dette omfattar aktiviteter som til dømes å identifisere interessentane sine spørsmål og å løyse problem.

**Prosjektleieren bør styre framdriftsplan.** I dette ligg å overvake avvik i tidsplanen og treffe eigna tiltak. Denne prosessen bør fokusere på å fastslå gjeldande status for prosjektet sin tidsplan ved å samanlikne den med tidsplanen si godkjente basislinje slik at eventuelle avvik kan bli fastslått, ferdigdataar blir føresagt, og alle aktuelle tiltak blir implementert for å unngå uheldige innverknad på tidsplanen. Alle endringar av basislinja sin tidsplan bør bli administrert i samsvar med endringsprosessen. Prognoser over prosjektet sitt avslutningstidspunkt bør bli utvikla ved jamne og bli oppdatert basert på tidlegare trendar og ny kunnskap.

**Prosjektleieren bør styre handtere og styre risikoar.** Det å handtere risikoar er å utvikle alternativ og finne tiltak for å forbetra moglegheitene og redusere truslane for måla i prosjektet. Risikoreduserande tiltak er tiltak for å unngå risikoen, redusere risikoen, hindre risikoen eller utvikle ein beredskapsplan. Det å styre risikoar er å minimere avbrott i prosjektet ved å fastslå om dei risikoreduserande tiltaka er utførte, og om dei har ønska effekt.

**Prosjektleieren bør gjennomføre budsjettoppfølging og styre kostnader.** I dette ligg å overvake kostnadsavvik og treffe eigna tiltak. For å unngå ugunstig innverknad på kostnader bør denne prosessen fokusere på å bestemme status for nåverande prosjektkostnad, samanlikne den med basislinjekostnadene for å fastslå eventuelle avvik, anslå kostnader ved fullføring og implementere alle aktuelle førebyggande eller korrigerande tiltak. Alle endringar i basislinja sine kostnader bør styres i samsvar med endringsprosessen. Avvik kan oppstå frå dårlig planlegging, uføresette endringar i omfang, tekniske problem, feil på utstyret eller andre eksterne faktorar, til dømes problem hos leverandøren. Uavhengig av årsak krev det korrigende tiltak, enten ei endring i basislinja for kostnader eller utvikling av ein kortsliktig plan for oppretting.

**Kommunen bør rapportere om kostnadsutviklinga til kommunestyret.** Kommunelova § 14-5 om årsbudsjettet sin bindande verknad og budsjettstyring angir i 3. ledd at kommunen: *skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.* Dette krev at det for alle investeringsprosjekt som eit minimum, må vere to budsjettoppfølgingar i året, og at desse også blir lagt fram for kommunestyret.

---

## AVSLUTNING

**Kommunen bør gjere ei formell avslutning av eit investeringsprosjekt.** I dette ligg å verifisere at alle aktivitar er fullført, samle alle prosjektdokument og arkivere dei i samsvar med krav.

**Kommunen bør gjere ei evaluering av eit gjennomført investeringsprosjekt,** som blir nedfelt i eit erfaringssdokument. Dette for å samle lærdom til nytte for framtidige prosjekter.

**Kommunen bør utarbeide eit prosjektrekneskap for alle investeringsprosjekt.** Dette er eit krav utleidd frå økonomireglementet, der det står følgjande om sluttrekneskap:

- *Det skal utarbeides sluttregnskap for ethvert investeringsprosjekt.*

- *Sluttregnskap legges fram for kommunestyret senes 1 år etter at overtakelsesforretning har funnet sted, eller når ansvar og risiko er overført.*
- *Sluttregnskapet bør settes opp i henhold til spesifikasjonene i anbud/tilbud.*
- *Sluttregnskapet bør vise hva som er opprinnelig bevilgning, og hva som er tilleggsbevilget, samt hvordan det er finansiert.*
- (...)

### 3.2 FAKTAGRUNNLAG

Prosesskartet, som vi har kort omtala i kapittel 1.6, gir den overordna strukturen for dei rutinane som Giske kommune har utvikla for å sikre ei god gjennomføring av investeringsbudsjetten.

Dette prosesskartet er ein pågåande prosess, og vi vil ta utgangspunkt i ein versjon 27 av 30.10.19. I ein intern epost går det fram at status på dette tidspunktet var slik:

*Med tanke på framdrift om rutinar og anna, så er vi omrent ferdig med alt fram til og med prosjektvurdering. Det er også nokre malar frå gammalt av på stega vidare, som vi sikkert skal nytte som utgangspunkt for arbeid vidare. Vi har også fått klarheit i korleis ein skal arbeide inn mot økonomi og «årstidane» som gjeld for politisk handsaming og anna.*

*Rutinane som er kommen langt:*

- *Det totale bildet for prosjektløypa er blitt rimelig klart*
- *Behovsvurdering og prioritering m/tilbakemelding og skjema*
- *Presentere løysingsforslag og LCC-kalkyle (life-cycle-cost) (med tilskotsmoglegheiter, kalkylegrunnlag investering/drift/avvikling)*

*Rutinar som er i gang:*

- *Overtakelse og sluttbefaring (protokoll)*
- *Dokument som automatisk lagrar skjema og kan nyttast til samla behovsvurdering*

*Rutinar som skal i gang:*

- *Dokumenta som trengs for prosjektgjennomføring (har nokre eksisterande dokument som vi kan oppdatere til å passe)*
- *Må bli klok på kor nøye ein skal lage rutinar og malar på steg for steg før vi veit kor mange vi treng ekstra.*

Gjennomføring av eit investeringsprosjekt skal vere vedteke av kommunestyret, og har opphav i eit behov. Den første delen prosesskartet beskriv saksgangen frå eit behov vert meldt inn, til at leiinga ved teknisk eining eventuelt finn å prioritere dette behovet. Det går fram at prioriteringa skal vere basert på overordna mål og planar, karakteren av behovet, samt kapasitet og behov. Det går også fram at ein skal oppdatere prosjektporlefølja. Denne prosjektporlefølja blir registrert i eit rekneark med detaljert overordna informasjon om prosjekta som er ein del av denne porlefølja.

---

## KOSTNADSOVERSLAG

Ei løyving til eit investeringsprosjekt blir vanlegvis gjort i den ordinære budsjettprosessen, der løyvinga for eit år blir fastsett innan utgangen av året forut for den. Det er likevel ikkje uvanleg at det gjennom budsjettåret kan bli løyvd midlar til eit investeringsprosjekt basert på ei eiga sak lagt fram for kommunestyret, ved overføring av unytta lånemidlar frå året før eller at prosjektet får ei auka ramme finansiert ved omprioriteringar eller ved å auke finansieringsgrunnlaget.

Når det gjeld grunnlaget for dei løyvingane som ligg inne i budsjettet, så har vi i vår gjennomgang av budsjett frå 2015 og fram til i dag ikkje observert detaljert informasjon om beløpsgrunnlaget for dei løyvingane som blir gjort.

I Websak, kor alle prosjekt vanlegvis har ei eiga arkivmappe, ligg det vanlegvis heller ikkje registrert kostandoverslag som angir eit grunnlag for den investeringsramma som ligg inne i eit gjeldande budsjett. I den grad kostnadsoversлага som ligg til grunn er arkivert på nokon måte, så ligg dei på eit felles flatfilområde.

I kommuneplanen for avløp for 2012 låg det ved detaljerte kostnadsoppsett for dei prosjekta som vart nemnt. Eit standardisert detaljert oppsett med mengde og pris for grøft, leidningar og kummar, samt påslag for rigg og drift, uføresett, prosjektering, byggleiing og administrasjon.

Slik vi oppfattar våre samtalar med sentrale personar i Giske kommune, så har dei fram til no ikkje hatt noko generelt strukturert opplegg eller rutinar for utarbeiding av gode kostnadsoverslag i dei tidlege fasar av eit investeringsprosjekt, herunder eit strukturert opplegg for å handtere usikkerhet og reserver ved dei ulike fasane i eit prosjekt. Det blir arbeidd med å skaffe seg gode anerkjende verktøy som gir gode erfaringstall for dei ulike komponentane i prosjekt innan veg, vatn og avløp.

Rådmannen sjølv har god erfaring frå ulike former for prosjektleiing, og handtering av usikkerhet er eit tema som har vore sentralt i drøftingar med teknisk eining. Ein ser spor av desse diskusjonane i kommunestylesak 116/19 den 28.11.19 vedkomande prosjektet *Geilevika – Teppemyra*, der usikkerhet er tydeleg spesifisert.

I prosesskartet er det i stikkord nemnt at ein skal definere usikkerhet, kor den ligg og i kva for fase, samt nokre punkt om uteseksjonen, grunnkjøp og prosjektering som angir at dei må vere med i kostnadsoverslaget.

Kommunen har ikkje nedfelt skifteleg retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerhet.

I prosesskartet under prosjektvurdering er det tre aktivitetar som angir at prosjektleiaren:

- Utarbeider løysningsalternativ
- Utarbeider forkalkyle basert på LCC
- Presenterer prosjektet med alternative løysningforslag med kostnad

Desse aktivitetane skal danne eit grunnlag for ei administrativ eller politisk avgjersle om kor vidt ein skal gå vidare med prosjektet. Alternativ skal det bli sett på vent, justerast eller forkastast.

---

## OPPSTARTSFASEN

I prosesskartet under prosjektvurdering er det to aktivitetar som angir at: *Avdelingsleiar tildeler prosjektleiar i eit framdriftsmøte* og *Prosjektleiar initierer prosjektet*. Til det siste ligg m.a. å tildele prosjektnummer, definere prosjektgruppe etter behov og oppdatere prosjektporlefølja.

I vår gjennomgang av investeringsprosjekt har vi ikkje identifisert at det er noko som er tydeleg i høve kven som har ansvaret for det einskilde investeringsprosjekt. Det står nå fram som tydeleg lagt til ein av ingeniørane for veg, vatn eller avløp avhengig av kva som er prosjektet sin hovudleveranse. Om eit prosjekt sin hovudleveranse er eit avløpsanlegg, så er det ingeniør knytt til avløp som er prosjektleiar.

I prosesskartet er det også tydeleggjort at prosjektleiarene skal initiere prosjektet. Det inneber med andre ord at prosjektleiarene skal setje i gang arbeidet. I våre samtaler med sentrale personar oppfatta vi det slik at det ikkje er utarbeidd ein mal til hjelp for å formalisere eit prosjektmandat.

Det er også tydeleggjort at prosjektleiarene skal definere ei prosjektgruppe. Gjennomgangen av ei oversikt over prosjektporlefølja viser at det blir tilordna ei prosjektgruppe til dei investeringsprosjekta der det er tenleg. Denne oversikta tilordnar dei interne ressursane.

Vår gjennomgang av investeringsprosjekt viser at dei fleste prosjekta blir gjennomført med betydelege eksterne ressursar. Desse eksterne ressursane er knytt til generell rådgiving i tidleg fase og prosjektering, gjennomføring av konkurransar og oppfølging av kontraktar samt prosjektstyring og byggleiing. Slik vi har forstått det, er dette ein praksis som går noko tilbake i tid. Tidlegare var det Provar AS som var dei eksterne ressursane som var nytta i Giske kommune. Norconsult AS overtok dette selskapet i midten av 2015. Dette er noko samanfallande med at Giske kommune gjennom innkjøpssamarbeidet inngikk ein rammeavtale med Norconsult AS på slike tenester. Ein viktig del av det å definere ei prosjektgruppe har vore å gjere avrop på denne rammeavtalen.

I våre samtalar med sentrale personar oppfatta vi det slik at det på sikt kan vere ønskeleg at interne ressursar tek over nokre av dei oppgåvane som i dag blir utført eksternt. Dette har samanheng med å opparbeide seg ei kompetanse som er nødvendig i møte med eksterne partar.

Kommunen har ikkje utarbeidd ein mal for kartlegging av alle interessentar, og det går heller ikkje fram som eit punkt i prosesskartet. Det at ein ikkje har krav om ei formalisert interessantanalyse, er likevel ikkje det same som at interessentane ikkje blir ivaretakne på ein forsvarleg måte. I vår gjennomgang av investeringsprosjekt har vi ikkje identifisert noko som har gitt store konsekvensar som følgje av mangelfull initial kartlegging av interessentar.

---

## PLANLEGGING

Under kriteriedelen gav vi utsyn for at:

*Kor omfattande ei planlegging må vere, avheng naturlegvis av kor omfattande og komplekst investeringsprosjektet er. Alle investeringsprosjekt bør likevel ha ein prosjektplan, ein framdriftsplan og ei risikoanalyse for å sikre ein trygg kontroll.*

I tillegg bør ein også, når ein går ut av planleggingsfasen ha tydeleg definert prosjektet sitt omfang.

Ei stor del av dei utgiftene i dei prosjekta som vi har gjennomgått har vore knytt til Norconsult AS, ein kontraktsentreprenør (ACO Anlegg, AS, Hole Mskiner AS m.fl.), samt kjøp av pumper frå Xylem Water Solutions Norge AS. Den delen av prosjekta som vedkjem prosjektering og planlegging av gjennomføring av entreprenørkontraktar er handtert av Norconsult AS. Vi har gjennomgått nokre av dokumenta som selskapet har utarbeidd. Dette er eit profesjonelt og kompetent selskap som gjennomfører ei rekke slike prosjekt over heile landet, og planlegginga som blir gjort i høve til å gjennomføre entreprenørkontraktane ser ut til å vere den planlegging som er tenleg ut frå dei ulike prosjekta sin kompleksitet.

Gjennomføring av entreprenørkontraktane er ein viktig del av prosjektet, men alle investeringsprosjekta vi har sett på har viktige element som kjem i tillegg (grunnkjøp, arkeologi m.m.). I våre samtal med sentrale personar reiste vi spørsmålet om kommunen hadde prosedyrar og malar som gir prosjektleiaren hjelp til å utarbeidde ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt, der prosjektplan og framdriftsplan for entreprenørkontraktane er ein del av den samla planlegginga. Vi reiste også spørsmålet om i kva grad det blir stilt krav om og utarbeidd ein mal for å gjennomføre ei risikoanalyse i kvart prosjekt. Vårt inntrykk frå desse samtalane var at kommunen ikkje utarbeider ein slik komplett prosjektplan og framdriftsplan. Ei heller at det blir gjort ei heilskapleg risikoanalyse for kvart prosjekt.

Det er ein generell risiko for at ein kommunen ikkje oppdaterer eit prosjektbudsjett etter det er gjort grove kalkulasjonar i ein tidlegfase. Vi har ikkje etterspurt og gjort detaljerte kartleggingar av dei løpende oppdaterte prosjektbudsjetta, utover det som er rapportert ut gjennom budsjett, overføringssaker og budsjettendringar. Det vi likevel ser av prosesskartet, og det klare inntrykk vi satt igjen med etter samtal, er at kommunen dei seinare år har arbeidd godt med å få på plass struktur i planleggingsfasen forut for at eit prosjekt får løyvd midlar eller blir forkasta. Det å få på plass god struktur omkring det å gi eit godt kostnadsgrunnlag for ulike alternativ med livsløpskostnadjar har vore ein viktig del av det dette arbeidet.

Ein viktig del av kommunen sitt fokus på planleggingsdelen har vore knytt til å få betre framdrift frå eit prosjekt blir vurdert til å vere behov for, til det blir sett i gang.

## OPPFØLGING

I prosesskartet vedkomande prosjektgjennomføringa er det spesifisert: *Byggemøte kvar 14. dag* og *Rapport kvar 14. dag*. Vidare at prosjektleiar skal følgje opp prosjektet i samsvar med kontrakt. Vi har ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av alle dokumenta som vedkjem kontraktsoppfølginga og arbeidsdelinga med eksterne ressursar. Ein del av desse dokumenta ligg i sakarkivet, ein del ligg nok på fellesområdet eller i epostar. Dei vi har gått gjennom, viser at entreprenørkontraktane blir gjennomført på ein profesjonell måte. Det er god framdrift i prosjektet frå entreprenørarbeid blir påbegynt til sluttbefaring. Kommunen sin prosjektleiar blir involvert, og er den som tek rolla som byggherre.

I vår gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt har vi gått gjennom ein god del av bilaga. Grunnlaget for bokføring av utgiftene til kontraktane synast godt.

I prosesskartet vedkomande prosjektgjennomføringa er det spesifisert at ein del av det å følgje opp prosjektet er å handtere endringsmeldingar. Slik vi oppfatta samtalane med sentrale personar, er det

ikkje nedfelt skriftlege prosedyrar for handtering av endringar. Når det gjeld endringshandteringa i kontraktsoppfølginga, synes den å vere i tråd med vanleg praksis i form av avdragsnota og tilleggsrekning for det som går utover opphaveleg kontrakt.

I høve til at det ikkje er nedfelt skriftleg prosedyrar for endringshandtering, må vi her nemne at prosesskartet likevel har eit viktig punkt knytt til kva som skal skje ved uføresette hendingar. Ved slike hendingar skal det skje ei rapportering til avdelingsleiar, og om avvik er innanfor marginar for usikkerhet så ligg vidare oppfølging til rådmannen. Om det inneber eit avvik utover budsjettet, så blir det presisert at det skal til politisk behandling.

I eit løvingsorientert system, er det ein risiko for at manglande omfangsstyring kan gi eit systematisk meirforbruk over tid. Dei prosjekt som utviklar seg i retning av eit meirforbruk, vil bli gjenstand for tett kostnadsoppfølging og kanskje også ein reduksjon i omfang. Dei prosjekt som utviklar seg i retning av eit mindreforbruk, vil ha ein risiko for å auke i omfang. Gode prosjektbudsjett, ei god handtering av usikkerhet og ei god omfangsstyring, inneber at nokre prosjekt kan få eit mindreforbruk og nokre eit meirforbruk, men i sum over fleire prosjekt og år, så har ein hatt like mye mindreforbruk som meirforbruk. Kommunen har ikkje prosedyrar for omfangsstyring, og temaet er heller ikkje inkorporert i prosesskartet.

Prosesskartet tydeleggjer at økonomistyring er ein del av prosjektleiar si oppfølging av prosjektet. Utgiftene til prosjektet blir løpende ført i kommunen sitt økonomisystem som ein del av investeringsrekneskapen. Desse utgiftene blir bokført på detaljert nivå med prosjektnummer, ansvarsområde, tenesteområde og ein rekneskapsart. Budsjett blir også fordelt ut langs dei same dimensjonane. Prosjektlearen kan til ein kvar tid ta ut ulike oversikter over prosjektrekneskapen målt mot budsjett, men kommunen har ikkje nokon fast mal for ei tenleg rapportering av prosjektrekneskap for veg-, vatn- og avløpsprosjekt som ein kan nytte gjennom heile prosjektet.

Vi har gått gjennom sakene til formannskapet og kommunestyret frå 2015 og fram til i dag. Det har i heile denne perioden vore ei tett oppfølging av økonomien med hyppige rapporteringar til formannskapet. Dei pliktige 1. og 2. tertialrapportane har også våre lagt fram for kommunestyret. Det er særleg driftsbalansen, lønnsutvikling, skatteutvikling og finansutvikling som har vore sentral i denne rapporteringa. Rapportering av status og framdrift i investeringsprosjekta har i liten grad vore nemnt tidlegare, med unntak av 2. tertial rapport for 2017 då det låg ved eit kort vedlegg som med stikkord sa noko om dette. Frå og med 2019 har alle økonomirapportane hatt eit vedlegg som blir kalla prosjektporlefølja. Dette er ei utskrift frå eit rekneark som inneheld informasjon og status om dei ulike investeringsprosjekta. Den siste versjonen har m.a. tre kolonnar: *Totalbudsjett alle år, Årets budsjett og Brukt pr xx.x.20xx*, samt ei kolonne med konkretisering av: *Usikkerheit*.

Vi har også gått gjennom årsrekneskapen for 2015, 2016, 2017 og 2018. Det obligatoriske oppsettet for rapportering av utgiftene til investeringsprosjekta, det såkalla skjema 2B, var med for alle åra. For åra 2015 og 2016 vart det også lagt ved ei detaljert og omfangsrik utskrift av prosjektrekneskapen for alle prosjekt, spesifisert langs dimensjonane prosjektnummer, ansvar, teneste og art. Det var ikkje satt opp ein eigen note over investeringsprosjekta for desse to åra. Den detaljerte utskriftena var ikkje med i 2017 og 2018, men det var då satt opp ein note med same kolonnar som i skjema 2B over dei 10 største investeringsprosjekta.

Nedanfor gir vi eit utdrag frå skjema 2B for årsrekneskapen for 2018:

Rekneskapsskjema 2B - INVESTERING	Regnskap	Buds(end)	Oppr.Budsjett	Regnskap
	2018	2018	2018	2017
Sum prosjekt: 6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	881 518	-	-	7 056 827
Sum prosjekt: 6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	4 730 429	32 633 000	14 867 000	433 272
Sum prosjekt: 6201 MINDRE VEGANLEGG	991 978	827 000	350 000	-127 609
Sum prosjekt: 6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	2 069 658	3 260 000	-	139 145
Sum prosjekt: 6326 OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR	3 293 086	2 794 000	-	205 273
Sum prosjekt: 6343 LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	9 314 177	5 088 000	-	3 001 174
Sum prosjekt: 6370 SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES	-1 196 010	-	-	4 521 026
Sum prosjekt: 6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES	1 325 752	-	-	6 688 339
Sum prosjekt: 6381 MINDRE LEIDNINGSANLEGG	674 603	800 000	800 000	2 469 703
Sum prosjekt: 6383 FORNYING LEIDNINGSANLEGG	4 809 570	6 527 000	5 000 000	971 636
Sum alle Prosjekt	50 564 773	102 651 800	53 938 000	26 894 944
Herav kompensasjon for meirverdiavgift	5 023 814	11 029 108	8 586 250	2 629 675
Sum Investeringar	55 588 587	113 680 908	62 524 250	29 524 619

Skjema 2 B reflekterer det at ei løyving til eit investeringsprosjekt er eittårig. Denne løyvinga skal vere realistisk, altså tilpassa den kapasitet og framdriftstakt som ein legg opp til. Regelverket angir at ein ikkje har heimel til gå utover denne løyvinga. Då ei slik løyving er utrykk for ei politisk prioritering, er det også uheldig at ei slik eittårig løyving ikkje blir nytta.

Vi ser av utdraget ovanfor at det er manglande samsvar mellom rekneskap og vedteke budsjett. Vår gjennomgang viser det vi kanskje kan kalle generelle tendensar ved investeringsrekneskapen. Det er ikkje uvanleg å observere manglande budsjettdekning for nokre prosjekt. Vidare er det ikkje uvanleg at kommunar fullfinansierar og løyver i forkant, eller at løyvingar ligg inne i budsjettet ein del år før ein sett i gang.

Ei løyving er som sagt eittårig, medan dei fleste investeringsprosjekt går over fleire. Vår gjennomgang viser at det kan vere noko vanskeleg å få oversikt over kva som til ei kvar tid er totalramma for eit prosjekt. Vidare viser gjennomgangen at ein skyver unytta løyvingar framføre seg og budsjett blir justert langs med.

Vår gjennomgang har kartlagt den vestlege rapportering knytt til investeringsprosjekt frå 2015 og frå til i dag. Vi har ikkje sett at investeringsbudsjettet er blir supplert med informasjon av typen:

*Rekneskapsført tidlegare år og Vedteke utgiftsramme for alle år.* I den siste økonomirapporteringa e det likevel som lagt inn ei kolonne for *Totalbudsjett for alle år*, men den var ikkje fylt ut for nokon prosjekt. Vi oppfattar det slik at ein tek sikte på å få inn denne informasjonen etterkvart.

Vi har nemnt ovanfor at entreprenørkontraktane synast å bli gjennomført på ein god og profesjonell måte. Det er dei andre fasane i eit investeringsprosjekt som har utfordringar, og det er i vår gjennomgang blitt observert at nokre prosessar kan ta noko tid etter at anlegget er teke i bruk. Dette vedkjem m.a. grunnkjøp og søknad om dekning av kostnadene frå andre.

## AVSLUTNING

Det er viktig å gjennomføre ein god avslutningsfasen, etter at entreprenørkontraktane er gjennomført. I prosesskartet vedkomande prosjektgjennomføringa er det til slutt under ein eigen aktivitet: *Avsluttande arbeid*, lista opp ein del punkt. To av desse punkta er: *Oppdatere erfaringsdatabase og Prosektevaluering*.

I våre samtalrar med sentrale personar drøfta vi evaluering av prosjekta. Da prosesskartet per i dag er eit pågåande arbeid, er det ikkje opparbeid ein erfaringsdatabase. Fram til nå, så har evaluering av eit prosjekt i liten grad har blitt gjennomført. Det er heller ikkje utarbeidd ein prosedyremal for slike evalueringar som tydeleggjer kva for tema prosjektleiaren bør ta stilling til.

To andre punkt under aktiviteten: *Avsluttande arbeid* er: *Rekneskap og Prosjektrapport*. Vi les dette slik at det blir stilt krav om at prosjektleiaren skal utarbeide eit sluttrekneskap og ein prosjektrapport. Utover det at ein kan ta ut ulike utskrifter frå økonomisystemet, er det ikkje fastlagt ein standardisert spesifikasjonen på dette sluttrekneskapen.

I vår gjennomgang av investeringsprosjekt observerte vi ein variasjon i praksis mellom år i høve til det å bokføre dei interne utgiftene til prosjektstyring på investeringsprosjekt. Vi har drøfta dette med økonomisjefen og det vil bli gjort ein gjennomgang av dette.

Eit punkt under: *Avsluttande arbeid* er: *Arkivering/lagring av dokumentasjon*. Vi les dette slik at det blir stilt krav om at prosjektleiaren avslutningsvis skal sørge for at alle prosjektdokumenta blir arkivert på ein god måte. Dokumenta blir lagra på to ulike stadar, både i hovudarkivsystemet ACOS og på eit eige flatfilområde. I våre samtalrar med sentrale personar drøfta vi behovet for eit databasert prosjektstyringsverktøy og dokumenthandteringssystem som understøtter prosesskartet. Vi oppfatta det slik at det var behov for eit betre opplegg enn ACOS og flatfiler.

Kommunen har slik vi oppfatta det ikkje utarbeidd ein prosedyremal for ei formell avslutning av eit prosjekt. Ein slik prosedyremal vil gi dei sjekkpunkta som er nødvendig for at prosjektleiar kan sjå på prosjektet som ferdig.

### 3.3 VURDERINGAR

Vår overordna generelle vurdering etter ein omfattande gjennomgang av dokument og rekneskap, samt samtalar med sentrale personar, er at kommunen ved teknisk sjef og ingeniørane på kvar avdeling har arbeidd godt den seinare tid med å få på plass ein betre struktur i gjennomføring av investeringsprosjekt innan veg, vatn og avløp.

Rådmannen sjølv og teknisk sjef viser etter vårt syn ei god interesse for dei tema som bli omhandla i denne rapporten. Det gir eit godt grunnlag for ei vidare god utvikling. Vi oppfatta også ingeniørane ved teknisk eining som motiverte i høve til å få på plass ein betre struktur for framtida.

Kommunen stod for ei tid tilbake ovanfor eit kanskje utfordrande utgangspunkt. Teknisk eining fikk da ny leiing samstundes som at mange kunnskapsrike og erfarte tilsette vart pensionert. Etter vår vurdering er det viktig å få på plass ein god struktur i gjennomføringa av prosjekt. Utan ein slik skriftleg nedfelt struktur er ein sårbar for at sentrale personar tek med seg kunnskap, erfaring og ein innarbeidd uformalisert struktur når dei sluttar. Mindre tekniske einingar er gjerne også meir sårbar for dette enn dei større, der avgang av nøkkelpersonar ikkje gir like store konsekvensar.

Vår gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt bar preg av å vere eit puslespel. Når vi som kommunerevisjon slit litt med å få oversikt over budsjettet historikken til eit investeringsprosjekt, må ein tru at det også er vanskeleg for politikarar og innbyggjarane å skaffe seg oversikt basert på dei offentleg tilgjengelege kjeldene som kommunen gjer lett tilgjengeleg på sine websider.

Historikk og status i investeringsprosjekt er etter vår erfaring noko som politikarar og einskilde innbyggjarar har ei stor interesse omkring. Vår generelle vurdering er at kommunen bør prioritere å gi betre informasjon om investeringsprosjekta i dei sentral styringsdokumenta. Særleg gjeld dette informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet som det løyvingsorienterte kommunal budsjetttsystemet har sin fokus på. Det fleirårige perspektivet er løyvingar, endringar og forbruk over fleire år.

---

### KOSTNADSOVERSLAG

Kommunen har system og rutinar på at det skal ligge føre eit godt kostnadsgrunnlag før ein tek politisk stilling til eit investeringsprosjekt. Ein viktig del av arbeidet med prosesskartet har vore å få på plass dette. Vi vil her særleg framheve kravet om at kalkyler i ein tidlegfase skal ha eit fokus på livssykluskostnader (LCC). Det inneber at ein skal ha eit fokus på at investeringar også påverkar framtidige drift- og vedlikehaldskostnadar, i tillegg til framtidige renter og avdrag.

Kommunen har ikkje nedfelt skiftelege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiarene i høve til handtering av usikkerhet i dei ulike fasane. Vi ser tydeleg spor av kommunen har starta med ein slik praksis, men denne er slik vi har oppfatta det ikkje formalisert skriftleg.

Vår vurdering er at slike retningslinjer vil gi god beskyttelse til ein sakshandsamar som kjem under press i ein tidleg fase. Eit slikt press kan oppstå sjølv om eit påslag for usikkerhet skal vere basert på eit fagleg profesjonelt skjøn.

---

## OPPSTARTSFASEN

Prosjektleiaransvaret står fram som tydeleg definert, men kommunen bør etter vår vurdering formalisere eit prosjektmandat og utvikle ein prosedyremal knytt til dette.

Ansvaret for å sette saman ei prosjektgruppe er tydeleg lagt til prosjektleiarene. Vår gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt viser at kommunen baserer seg ein del på eksterne resursar. For dei prosjekta som vi så på, utgjorde utgifter til Norconsult AS i alt 7,360 mill kr, eller om lag 8 %, av dei samla nettoutgiftene på 90,604 mill kr. Arbeidsdelinga mellom ingeniørane i Giske kommune og Norconsult AS (Provar AS) har ein noko lang historie. Kva som er rett fordeling på sikt mellom bruk av interne og eksterne resursar er eit spørsmål vi vanskeleg kan gi gode råd om. På den eine sida treng kommunen å utvikle kompetanse på dette feltet. På den andre sida kan det vere risiko knytt til ulike formar for kompleksitet som kanskje krev spesialisert kompetanse. Det er fleire omsyn ein må veie mellom, men etter vår vurdering er dette eit spørsmål som det er viktig å ha eit fokus på ved jamne mellomrom og at rådmannen utviklar ein lengre strategi i høve til dette.

Kommunen bør etter vår vurdering utvikle ein prosedyremal for gjennomføring av ein interessantanalyse for kvart investeringsprosjekt. Særslig erfarte tilsette kan kanskje ha lite nytte av slike analyser, medan mindre erfarte vil ha god nytte av det. Slike analyser vil etter vår vurdering i alle høve vere viktig å formalisere og denne formaliseringa kan vere viktig ved evalueringar.

---

## PLANLEGGING

Ein viktig del av arbeidet med prosesskartet har vore å få eit fokus på å betre framdrifta i perioden frå eit prosjekt blir vurdert til å vere behov for, til det blir sett i gang.

Denne strukturen i planleggingsfasen som kommunen har fått på plass før eit prosjekt får løyvd midlar eller blir forkasta, gir etter vår vurdering grunn til å tru at kommunen no vil ha eit godt prosjektbudsjett og god kostnadsinformasjon i forkant av at eit prosjekt blir sett i gang.

Store delar av planlegginga og prosjekteringa, blir gjennomført av eksterne resursar. Vårt klare inntrykk frå gjennomgangen er at det er god framdrift og struktur frå prosjektet er ferdig prosjektert og det ligg føre ein plan for gjennomføring av entreprenørkontraktane. Vi har ikkje grunn til å tru anna enn at den planlegging som blir gjort i høve til å gjennomføre entreprenørkontraktane er den planlegging som er tenleg ut frå dei ulike prosjekta sin kompleksitet.

Denne fasen er ein vesentleg del av alle prosjekta, men alle prosjekt har fasar i tillegg til dette. Vår vurdering er at kommunen bør utvikle prosedyremalar som gir prosjektleiarene hjelpe til å utarbeide ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt, der prosjektplan og framdriftsplan for entreprenørkontraktane er ein del av den samla planlegginga.

Kommunen bør etter vårt syn også utvikle prosedyremalar for gjennomføring av heilsakleg risikoanalyse for kvart prosjekt.

Vi vil her presisere at det ikkje er særslig omfattande planar og risikoanalysere vi siktar til, men enkel oppsett over nøkkelinformasjon som ein lett kan oppdatere over heile prosjektperioden frå behovet er identifisert til ein formelt har avslutta eit prosjektet.

---

## OPPFØLGING

Prosesskartet gir ei overordna skisse av system og rutinar ved prosjektgjennomføringa. Det er nemnt fleire viktige stikkord i høve til oppfølgingsfasen m.a. økonomistyring og endringsmeldingar, samt at uføresette hendingar krev handling.

Vår vurdering er at kommunen bør utvikle skriftlege prosedyremalar for endringsstyring og omfangsstyring. Det sistnemnte bør etter vårt syn også bli inkorporert i prosesskartet. Etter vårt syn bør ein også tydeleggjere prinsippa for når ei omfangsendring krev politisk behandling, då det å ha budsjettmidlar til overs ikkje gir heimel til ei omfangsendring.

For perioden 2015 og fram til i dag, har vi gått gjennom alle budsjett og årsrekneskap, alle overføringssaker for unytta midlar i investeringsrekneskapen og all økonomirapportering. Vår vurdering er at den informasjon som blir gitt vedkomande investeringsrekneskapen er mangelfull.

Når det gjeld budsjett og årsrekneskap er det lite informasjon utover obligatorisk innhald og oppsett. Det fleirårige perspektivet på investeringane har ikkje kome godt fram i desse dokumenta.

Sakene om overføring av investeringsbudsjettet frå tidlegare år står fram som knapp og skjematiske, og etter vårt syn ber dei preg av å berre vere av formell karakter.

Når det gjeld økonomirapportering har investeringsbudsjett hatt lite fokus. Den seinare tid har det likevel blitt lagt ved eit vedlegg som gir litt informasjon om investeringsprosjekta. Det manglende fokus på investeringsrekneskapen i denne perioden, har nok dels samanheng med at det i same periode har vore eit sterkt fokus på driftsrekneskapen som følgje av ein svak driftsbalanse, og dels samanheng med kapasitet ved økonomiavdelinga og teknisk eining.

Departementet har gitt ut ein rettleiar om investeringsrekneskapen. Av denne går det fram at:

*For årsregnskapet er det gitt bestemmelser både i lov og forskrift om innhold og oppsett, mens det for prosjektregnskapet ikke er gitt særskilte regler. Hva innholdet i prosjektregnskapet da bør være, må utvikles i lys av formålet med prosjektregnskapet.*

*Formålet med prosjektregnskapet er å vise hvor mye som er påløpt hittil, og sammenholde dette mot den vedtatte kostnadsrammen, herunder å vurdere endringer i prognosene.*

*Prosjektregnskapet og årsregnskapet for investeringer har forskjellige formål, og vil av den grunn måtte gi forskjellig informasjon. Prosjektregnskaper har fokus på prosjektets utgifter og prosjektlevetiden, mens årsregnskapet for investeringer vil ha fokus på bevilgninger og påløpt i et årsperspektiv.*

*Et prosjektregnskaps utgifter i året vil være sammenfallende med investeringsregnskapets utgifter i året. Investeringsprosjekter er årsuavhengige, og prosjektregnskapene må følge prosjektets levetid og følges opp i forhold til prosjektets kostnadsramme. Et investeringsregnskaps utgifter vil derimot følges opp årlig mot bevilgningene.*

*Prosjektregnskap for løpende oppfølging kan ha denne oppstillingen:*

Oppstillinga som det blir vist er slik:

Prosjektrekkskap per mnd/år		Kostnadsrammer		Påløpt		
		Opprinnelig	Justert	Regnskap tidligere år	Regnskap hittil i år	Prognose-endringer
Investeringsprosjekter						
Utgifter						
Bygging av skole A						
Bygging av sykehjem A						
VA-investeringer						
IKT-investeringer						

I kommunal rekeskapsstandard nr 6 om *Noter og årsberetning* går det fram under 3.1.3 Øvrige noter i henhold til god kommunal regnskapsskikk, punkt 5 følgjande:

*Investeringsoversikt som minst viser årets brutto utgifter og tidligere års utgifter, samt vedtatte utgiftsrammer for større investeringsprosjekter.*

I NKRF sitt noteverktøy er det satt opp eit slik døme på ein god note over investeringsprosjekt:

Prosjekt	Vedtatt utgifts- ramme	Regnskaps- ført tidligere år	Årets budsjett	Regnskaps- ført i år	Sum regnskaps- ført	Gjenstår av utgifts- ramme
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Vår vurdering er at kommunen bør gi meir informasjon om investeringsprosjekta i sine sentrale styringsdokument, der ein også bør få fram det fleirårige perspektivet som vi har illustrert med dei to tabellane ovanfor.

## AVSLUTNING

Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide ein prosedyremal for evaluering av eit prosjekt og ein prosedyremal for formell avslutning av eit prosjekt.

Kommunen bør etter vårt syn også gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør ein gjere ei vurdering av behovet for datasystem som kan understøtte det gode arbeidet som er gjort med å strukturere flyten i planlegging og utbygging av tekniske anlegg gjennom arbeidet med prosesskartet.

I rettleiaren til investeringsprosjekt går det fram at:

*Et sluttrekkskap for investeringsprosjektene er den endelige avrapportering av prosjektets utgifter. Det skiller seg fra den løpende rapporteringen over alle investeringsprosjekter (se ovenfor) til å være et regnskap for hvert enkelt prosjekt. Det kan samtidig være nyttig å vise den prosjektspesifikke (øremerkede) finansieringen av prosjektet.*

*Et sluttrekkskap for et investeringsprosjekt kan ha denne oppstillingen:*

Oppstillinga det blir vist til var slik:

Sluttregnskap for investeringsprosjektet:	Kostnadsrammer			
	Opprinnelig	Justert	Regnskap	Avvik
Bygging av skole A				
<i>Utgifter</i>				
Investeringsutgifter				
<i>Prosjektspesifikk finansiering</i>				
Øremerket tilskudd				
Øremerkede lån				
<i>Annen generell finansiering</i>				
<i>Sum finansiering</i>				

Ved oppstart av dette prosjektet fikk vi sendt over økonomireglementet. I reglementet går det fram; at alle investeringsrekneskap skal ha eit sluttrekneskap, at det skal bli lagt fram for kommunestyret seinast eit år etter overtaking, at det skal settast opp i tråd med spesifikasjon i tilbod samt vise opphavleg løying, tilleggsløying og finansiering. Ny kommunelov og med ny budsjett- og rekneskapsføreskrift gjere det nødvendig å gjere ein ny gjennomgang av økonomireglementet.

Det kan vere ulike oppfatningar av korleis ein bør settet opp eit prosjektrekneskap og sluttrekneskap. I samanheng med ein gjennomgang av økonomireglementet, bør ein også tydeleggjere kva for krav ein skal stille til eit opsett. Vi skal til slutt gi eit døme på eit oppsett for dei investeringsprosjekta som vi har sett på i denne rapporten innan veg, vatn og avløp:

Postnr.	Post
1.0	Prosjektering
2.1	Eksterne utgifter til prosjektstyring eller byggleiing
2.2	Interne utgifter til prosjektstyring eller byggleiing ført i investeringsrekneskapen
3.1	Kontrakt 1 – Anlegg og Entreprenør
3.2	Kontrakt 2 - Pumpe
4.0	Grunnkjøp (Inkl. kart og juridisk bistand)
5.0	Andre utgifter
<i>Sum investeringsutgifter</i>	
Prosjektspesifikk finansiering (Øyremerka tilskott og lån)	
Lånefinansiering	
<i>Sum finansiering</i>	

Dette dømet er ikkje meint å vere noko fasit. Vi vil tru at fagmiljøa sjølv gjer den beste vurderinga av korleis eit tenleg oppsett bør vere, men det kan kanskje vere til hjelp for illustrere kva vi siktar til med eit sluttrekneskap.

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha eit sluttrekneskap.

Dei større investeringsprosjekta kan ein også vurdere å legge fram for kontrollutvalet for innstilling til kommunestyret. Desse kan også vurdere å få ein revisjonsuttale på.

#### 4. PROBLEMSTILLING 2: OFFENTLEGE INNKJØP

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar at innkjøpa i eit investeringsprosjekt er gjenstand for:


- a) Planlegging?
- b) Konkurransegjennomføring?
- c) Kontraktsoppfølging?

##### 4.1 REVISJONSKRITERIER

Difi sin prosessmodell for gjennomføring av ei offentlig anskaffing er inndelt i 3 fasar:

- Avklare behov og forberede konkurransen
- Konkurransegjennomføring
- Kontraktsoppfølging

Modellen blir gjerne også framstilt slik grafisk:



Figuren viser at høvet til å påverke er størst tidleg i prosessen, då det er i denne fasen at premissane og føringane blir lagt. Det hjelper ikkje kor god kommunen er seinare i prosessen, om dei bommar innleiingsvis. Difi angir at det også er viktig å gjennomføre sjølv konkurranse i marknaden profesjonelt, og ikkje minst følgje opp om kommunen får dekkja dei behov og når dei resultat ein har inngått kontrakt om.

## 4.2 FAKTAGRUNNLAG

Vi hadde i utgangspunktet tenkt å grundig gjennom dei anskaffinga som er gjort i dei prosjekta som vi hadde valt ut for å sjå på. Det går fram av vår gjennomgangen av desse prosjekta i kapittel 2 at dei er nokolunde lik i måten dei er gjennomført på. Norconsult AS prosjekterer anlegget, samt planlegg og handterer anskaffingane. Vidare hjelper dei til ved oppfølging av kontraktane. Innleie av Norconsult blir gjennomført ved avrop på ein rammeavtale som kommunen har saman med dei andre kommunane i innkjøpssamarbeidet.

Entreprenørarbeidet blir hovudsakleg utført av Aco Anlegg AS, og Hole Maskin AS i nokre få tilfelle. Pumpene til avløpsprosjekta er kjøpt hos Xylem Water Solutions Norge AS. Vidare er i underkant av 10 % knytt til grunnkjøp.

I vår gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt har vi for kvart prosjekt framstilt ein tabell over innkjøpa til prosjektet. Vi har gjennomgått 90,604 mill kr samla. Om lag 82 %, eller 74,193 mill kr, er utgifter til; Norconsult AS, Aco Anlegg AS, Hole Maskiner AS, Xylem Water Solutions Norge AS og grunnkjøp.

Følgjande tabell angir fordelinga på desse:

Norconsult AS	7 360 320
Aco Anlegg AS	41 913 667
Hole Maskiner AS	9 371 423
Xylem Water Solutions Norge AS	6 849 146
Grunnkjøp	8 698 868
<b>Sum</b>	<b>74 193 424</b>
<b>Sum i alt</b>	<b>90 604 204</b>

Anskaffinga i dei prosjekta som vi har gått gjennom er altså i all hovudsak gjennomført av Norconsult AS. Eit resultat av dette er at kommune i liten grad har utvikla eigne system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging.

Slik vi oppfattar våre samtalar med sentrale personar har dette tema også litt samanheng med i kva grad kommunen sjølv skal ta meir ansvar for gjennomføring av investeringsprosjekta. Vi oppfatta det også slik at kommunen ser behovet for å utvikle betre system og rutinar sjølv knytt til anskaffingar. Vidare at ein no held på med kompetansehevande tiltak i høve til offentlege anskaffingar.

## 4.3 VURDERINGAR

Kommunerevisjonen har grunn til tru at dei anskaffingar som er gjort i investeringsprosjekta som vi har gått gjennom, er gjennomført på ei god og tenleg måte.

Vi meiner at kommunen bør vidareutvikle sine eigne system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging. Desse tema er delvis nemnt i prosesskartet allereie, men kan etter vårt syn med fordel bli integrert inn i dei ulike prosedyremalane som kommunen etter vårt syn bør vidareutvikle.

## 5. KONKLUSJONAR OG ANBEFALINGAR

Kommunen har den seinare tid arbeidd godt, med å få på plass ein betre struktur i gjennomføring av investeringsprosjekt innan veg, vatn og avløp. Dette er eit arbeid som det er nødvendig å ha eit kontinuerlig fokus på, og vi vil anbefale kommunen om å forsette det gode arbeidet med prosesskartet og utvikling av ulike prosedyremalar.

Dei sentrale styringsdokument bør innehalde meir informasjon om investeringsprosjekta.

### **Problemstilling 1: Investeringsbudsjett**

Vi skal vidare summere opp våre anbefalingar. Det er viktig at ein ikkje les dette som eit pålegg frå kommunerevisjonen, men noko som vi meiner rådmannen bør vurdere. Ressursar sett av til styring av investeringsprosjekt inneber mindre resursar til andre oppgåve, og prosjektstyring er eitt av fleire omsyn ein må veie. Teknisk eining har avgrensa kapasitet og ein må vere varsam med å stille så strenge krav til prosjektleiarane at det oppstår ei overadministrering av investeringsprosjekta.

Kommunen bør utarbeide skiftelege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiarene i høve til handtering av usikkerhet i dei ulike fasane.

Kommunen bør utvikle prosedyremalar som for alle investeringsprosjekt gir hjelp til å:

- Utforme eit prosjektmandat
- Gjennomføre ei interessantanalyse
- Handtere endringsstyring og omfangsstyring
- Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt
- Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse
- Gjennomføre ei evaluering
- Gjere ei formell avslutning

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standard oppsett for prosjektrekneskap som muliggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.

Kommunen bør gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør ein gjere ei vurdering av behovet for edb-løysningar som kan understøtte prosesskartet på ein god måte.

Kommunen bør gjere ei vurdering av fordelinga mellom intern og ekstern prosjektstyring. Om det er behov for ei omlegging bør ein utvikle ein lengre strategi i høve til dette.

### **Problemstilling 2: Offentlege innkjøp**

Giske kommune bør vidareutvikle sine system og rutinar som skal sikre at innkjøpa er gjenstand for planlegging, konkurransegjennomføring og kontraktsoppfølging, og kan med fordel integrere desse inn i dei ulike prosedyremalane som kommunen etter vårt syn bør utvikle.

## VEDLEGG

### SENTRALE DOKUMENTER OG LITTERATUR

#### **Lov og forskrift**

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

#### **Dokument fra Giske kommune**

Budsjettsaker for åra 2012 til 2020

Budsjettendringssaker for investeringsbudsjettet

Kommunedelplan vatn og avløp 2019-2030 - fastsetting av planprogram

Kommunedelplan avløp 2012-2021, Giske kommunestyre 25.10.12 sak 099/12 (2012)

#### **Andre kjelder**

NS-ISO 21500:2012 *Veiledning i prosjektleidelse*,

Rettleiar - ***Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet***, Kommunal- og regionaldepartementet (2011)

## RÅDMANNENS KOMMENTARAR

### Del 1 Investeringsbudsjett

Forvaltningsrevisjonen kjem her med gode innspel til betring av prosesskartet for investeringsprosjekt og med konkrete forslag til prosedyremalar.

Forslaga er nyttige og vil kunne hjelpe oss i det vidare arbeidet.

Den raude tråden i LEAN prosessen er no ferdig og vi jobbar framover våren med rutinene/prosedyrer – ambisjonen er å bli ferdig til påske.

Vi vil kommentere på enkelte av tilrådingane i rapporten:

#### Utforme prosjektmandat:

Her har vi rutina kalla «prosjektgjennomføringsplan» som vi kan bygge vidare på.

#### Interessentanalyse:

Kjem inn i det vi har i rutina kalla: « Fagleg vurdering av innmelde behov»

Vi vil revidere til å omfatte også risiko og negative konsekvensar.

#### Endringsstyring og omfangsstyring:

Vi har tatt høgde for det i LEAN løypa ved sløyfe tilbake til rådmann når usikkerheita blir endra, slik at rådmann disponerer ein buffer av løyvingane (usikkerheita i prosjektet) og til politisk nivå når det går utanfor løyvd ramme.

Dersom omfanget går utover det vedtekne – forutsetningar blir endra, (ikkje snakk om uforusette endringar) skal det tilbake til politisk nivå.

Krev ofte kjappe beslutningar - vi vil lage ei eiga rutine på dette.

#### Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjektet:

Dette kjem fram i prosjektgjennomføringsplan og LCC kalkyla- som er 90% ferdig.

Risiko og utfordringar kan kome tydlegare fram og vi vil legge inn desse momenta i rutinene.

Framdriftsplan: Anbudskonkurransen tek inn i seg den ønska kommunale tidsplanen. Vi gir poeng etter kor raskt prosjektet kan gjennomførast i anbudsprosessen.

Endeleg framdriftsplan blir sett ut i frå entreprenørane sine innspel i anbudskonkurransen og kven som blir vald.

#### Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse

I prosjektvurdering utan forprosjekt (ofte mindre prosjekt) veit ein rimeleg bra kva som skal skje og ein kan vurdere risiko ut frå skjønn.

I større prosjekt med forprosjekt sett vi faste % usikkerheit.

Vi vil bakte inn risiko i LCC kalkylene og bygge vidare på den.

#### Evaluering

Har laga utkast til prosjektevalueringsmal.

### **Formell avslutning**

Dette inneber, overtakingsprotokoll (formell avslutning i forhold til entreprenør), sluttrapport. Vi har malane under utarbeiding.

Vi skriv kontrakt etter NS og vi følger den og vil bake dette inn i prosedyrene våre.

### **Endringsmeldingar**

Gir i dag tilbakemelding på skjema som entreprenøren sender til Giske kommune. Vi svarar godkjent eller avvist.

Vi vil lage ei prosedyre der det kjem kva sum prosjektleiar kan godkjenne. Dette kan også kome fram i prosjektmandatet.

Endringar ut over det må takast opp med kommunedirektøren.

### **Nytt prosjektbudsjett i planleggingsfasen:**

Kjem inn i det som i prosjektløypa kallast planar. Vi brukar ikkje gamle tal men kalkulerar på ny.

### **Arkivering**

Utarbeider rutine på at for kvart steg/fase i LEAN løypa blir dokumenta arkivert i Web- sak.

F- området har vi eiga arbeidsmappe som heiter PROSJEKT. Mapper etter behovet for kvart prosjekt.

### **It system for å understøtte LEAN løypa.**

Førebels brukar vi Officepakken- Acos, Web- sak.

Vi vurderar prosjektverktøy, men førebels har vi ikkje midlar til det og vi har heller ikkje vurdert kva system som er best for oss.

### **Sluttrekneskap**

Ligg i malen til sluttrapport.

Vi vil lage ei rutine /skjema i Visma for overføring av evt ubrukte lånemidlar årleg.

I denne oversikta vil totalløyvinga og sum rekneskapsført kome fram.

### **Sentrale styringsdokument**

Det kan bli knapp til å få utarbeidd ei slik oversikt til notane. Vi foreslår at vi tek inn eit kapittel om investeringar i årsmeldinga der ein slik tabell gir oversikt over dei største prosjekta. I samband med tabellen lagar vi ein tekstleg og kortfatta omtale av dei største prosjekta. Vil dette vere «godt nok» for revisjonen/kontrollutvalet?

### **Del 2 Offentlege innkjøp**

Rapporten sine tilbakemeldingar vil høyre naturleg til i det internkontrollsystemet som vil kome på plass i 2020.

I løpet av året vil Giske kommune arbeide for å lande på eit kvalitet- og internkontrollsystemet som heile kommunen skal bruke.